



ULSTEIN KOMMUNE

ÅRSRAPPORT 2020



ULSTEIN
- der baug bryt båre

Ulstein – ein god stad for menneske i alle livsfasar

VERDIGRUNNLAG

- ▶ nyskaping
- ▶ omsorg
- ▶ rausheit
- ▶ mangfald



STYRINGSMÅL

- ▶ nøgde brukarar
- ▶ motiverte og kvalifiserte medarbeidrarar
- ▶ godt omdøme
- ▶ god ressursstyring



Ulsteinsamfunnet støttar og motiverer innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv som viser visjonar, vilje og pågangsmot til beste for eiga utvikling, medmenneske og samfunn.



VÅRE TILSETTE

- ▶ arbeider etter verdigrunnlaget
- ▶ set brukaren i fokus
- ▶ representerer jobben og kommunen og gjer jobben sin på ein profesjonell måte
- ▶ følgjer lojalt opp vedtak og styringssignal



VÅRE LEIARAR

- ▶ er utviklingsorienterte
- ▶ kommuniserer godt
- ▶ har endringsvilje
- ▶ er lojale
- ▶ har evne og vilje til leiing

Framsidefoto: Jorulf Myrene, Vikebladet Vestposten
Baksidefoto: Christin Myrene

Arbeidsmiljøprisen 2020 til kommuneoverlegen	s. 5
OVERBLIKK	s. 7
Innleiing ved kommunedirektør	s. 8
Ordføraren har ordet	s. 10
Kommuneoverlege	s. 12
God folkehelse	s. 14
Parallelloppdrag	s. 16
Berekraft	s. 18
Digitalisering	s. 20
Nyskapning	s. 22
Årets nyskapar 2020	s. 24
ORGANISASJON OG ØKONOMI	s. 27
Våre tilsette	s. 28
Lærlingar	s. 28
Sjukefråvær og arbeidsnærvarer	s. 29
Likestilling og diskriminering	s. 29
Heiltidskultur	s. 30
Leiarutvikling	s. 32
Avviksrapportering	s. 32
Etikk	s. 33
Arbeid med kontroll av verksemda	s. 33
Driftsresultat	s. 34
Investeringsrekneskapen	s. 36
Balanse	s. 37
Fond	s. 38
Pensjon	s. 39
Konsernet Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF	s. 40
Investering, Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF	s. 41
Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF	s. 42
Økonomiske styringsindikatorar og finansielle måltal	s. 43
Finansforvaltning	s. 45
Likviditet	s. 46
Lånegjeld, rente- og refinansieringsrisiko	s. 47
ETATSVISE OVERSIKTER	s. 49
Sentraladministrasjonen	s. 50
Helse- og omsorgsetaten	s. 52
Oppvekst- og kulturetaten	s. 54
Teknisk etat	s. 56
AVDELINGSVISE OVERSIKTER	s. 58
Organisasjonskart Ulstein kommune	s. 59
Økonomiavdelinga	s. 60
Personalavdelinga	s. 60
Servicetorg og dokumentsentrar	s. 61
Pedagogisk-psykologisk teneste	s. 61
Helse og omsorg	s. 62-63
Helsestasjonstenesta	s. 64
Legetenesta	s. 64
Nav	s. 65
Barnevern	s. 65
Haddal skule	s. 66
Hasund skule	s. 66
Ulstein skule	s. 67
Ulsteinvik Barneskule	s. 67
Ulstein ungdomsskule	s. 68
Sundgotmarka barnehage	s. 68
Ulstein kulturskule	s. 69
Inkludering og mangfald	s. 69
Kulturavdelinga	s. 70
Plan- og bygningsavdelinga	s. 70
Anleggs- og driftsavdelinga	s. 71
Hareid og Ulstein brannvesen	s. 71
Folkehelseprofilen 2020	s. 73

“

Du har vore ei trygg klippe, og alltid til stades, både for oss i kommunen, men også for innbyggjarane i Ulstein.



Kommuneoverlege Norunn Kirkebø Elde er tildelt Arbeidsmiljøprisen 2020.
Foto: Janne Marit Myklebust



Arbeidsmiljøprisen 2020

til kommuneoverlegen

Kommuneoverlege Norunn Kirkebø Elde er tildelt Ulstein kommune sin arbeidsmiljøpris for 2020.

- Heilt uventa! Eg er rørt og overraska, sa Norunn, då ho fekk overrekt prisen på ei samling på Sjøborg kulturhus, 8. mars 2021.

Ho var ein av ni nominerte til Arbeidsmiljøprisen 2020.

- Vi hadde mange gode kandidatar, og alle hadde sine favorittar, men alle var også samde om at det var Norunn som fortente prisen mest denne gongen, sa Heidi Strand frå arbeidsmiljøutvalet, som fungerer som jury for prisen.

ULSTEIN SIN EIGEN "ESPEN NAKSTAD"

Grunngjevinga var kort og konsis: «Ho er Ulstein kommune sin Espen Nakstad. Alltid roleg og blid og alltid tilgjengeleg. Ho har hatt med seg jobben 24/7 det siste året. Planen var å trappe ned og planlegge pensjonisttilværet.»

I staden vart det altså fullt fokus på arbeid og på koronapandemien.

Prisvinnaren takka varmt, og seier også at det er svært mange andre som også hadde fortent prisen for ekstraordinær innsats i fjor.

- Men du har vore ei trygg klippe, og alltid til stades, både for oss i kommunen, men også for innbyggjarane i Ulstein, var blant rosen ho fekk frå medarbeidarane sine, då prisen vart delt ut.

Prisen er eit diplom og 10.000 kroner.

Overblikk

INNLEIING VED KOMMUNEDIREKTØR

ORDFØRAREN HAR ORDET

KOMMUNE OVERLEGE OM KORONAÅRET 2020

GOD FOLKEHELSE I ULSTEIN


PARALLELLOPPDRAG

BEREKRAFT

DIGITALISERING

NYSKAPING

ÅRETS NYSKAPAR 2020



Koronavennleg heiagjeng på rådhuset under utdeling av nyskaparprisen.
Foto: Janne-Marit Myklebust

Imponert og stolt

La oss ta det viktigaste først – ein stor takk til alle kommunalt tilsette som har bidrøge til at vi kom gjennom 2020 på ein god måte, trass i store utfordringar. Det er gjort ein formidabel innsats og vist eit stort samfunnsansvar.

Så kan du seie – kva er nytt? Overskrifta på årsmeldinga frå 2019 var «Takk for ein framifrå innsats». Då vil eg replisere – det er all grunn til å takke to gonger, og meir enn det. Eg er imponert, og ikkje så lite stolt som tilsett i kommunen, over kor robust og fleksibel den kommunale organisasjonen er til å takle utfordringar over tid. Takk også til politikarane våre og alle dei store og små samarbeidspartnarane som må til for å få eit lokalsamfunn til å fungere godt. Det har vorte vist stor fleksibilitet og kløkt for å få ting til å fungere så normalt som råd i ein unormal situasjon.

2020 har gjort noko med oss – det er sært å sitte og takke på avstand. Vi saknar å møte kvarandre, saknar kroppsspråket og den direkte tilbakemeldinga frå mottakaren. Det får eg ikkje når takken går på denne måten.

Så kjem, forhåpentlegvis snart, den dagen når samfunnet vert normalt igjen. Det vert normalt, men det vert ikkje som før. Bruk av digitale hjelpemiddel har tatt store steg i 2020 – digital undervisning, heimeskule, heimekontor, digitale møte. Denne

endringstakta kjem ikkje til å gå ned, karusellen vi skal henge på aukar farta. Dette gir oss nye måtar å arbeide på og det gir oss rom for nye løysingar. Det teiknar godt for Ulstein kommune når vi har 10 nominasjonar til nyskapingsprisen og hard konkurranse om å vinne. Prosjektet om heiltidskultur vann prisen. Dette er eit prosjekt der sone 3 innafor helse og omsorg og Ulsteinvik barneskule har delteke frå Ulstein kommune. Dei har samarbeidd med Ørsta kommune og kommunesektoren sin organisasjon KS om å utvikle ein kultur for arbeid på heiltid. Arbeidet har vekt nasjonal interesse. Dette prosjektet, og dei andre utviklingsprosjekta, set spørsmålsteikn ved etablerte sanningar og flyttar grenser. Det vert arbeidd med svært mange positive utviklingsprosjekt i denne organisasjonen, og det gir framtidstru.

Vi må utvikle denne skapartrongen, vi må våge å utfordre oss sjølv. Spørsmål som «Kvífor?», «Kan vi ikkje heller..?» eller «Ja, men, kva om vi ...» er spørsmål vi må elske fram og stille ofte. Vi må våge å dele, våge å ha dialog med andre og våge å ikkje få

det til, og våge å gå på trynet ein gong i ny og ne.

Kva kan vi lære av næringslivet? Kva kan dei lære av oss. Det hadde nok overraska mange om dei hadde fått sett bak fasaden og kor høgt tempo her er, sett kva sjukehusnester kommunen leverer inn i heimar i Ulstein kommune, kva krav der er for å levere god vasskvalitet, og korleis kvar dagen til ein moderne lærar ser ut.

Så må vi som lokalsamfunn vere klar over at høg endringstakt og teknologisk utvikling kan ha sin pris. Vi er heldige i Ulstein. Vi har ein folkehelseprofil som er svært god. Vi skårar godt på mange indikatorar. Vi har mange faktorar som skal til for å få eit godt samfunn. Vi har engasjerte, aktive og ressurssterke innbyggjarar. Vi har arbeidsplassar, tru på framtida og optimisme, sjølv etter sju magre år i den maritime næringa og eit år med pandemi i tillegg. Men vi ser at utanforskap er eit område som har fått større fokus gjennom 2020, og det held fram inn i 2021. Framtidsbildet her er skremmande om vi ikkje klarer å snu utviklinga.

Ulstein kommune fekk i 2020, gjennom eit tilsyn frå Fylkesmannen (frå 1. januar Statsforvaltaren) avdekt at det var gjort

feil i utrekning av vederlag for opphold i institusjon. Det vert no gjennomført ei omfattande kontrollrekning bakover i tid for å avdekke om der er andre feil enn det som vart avdekt i tilsynet. Dette er eit ressurskrevjande og omfattande arbeid, men det er viktig. Vi er avhengig av tillit blant innbyggjarane. Vi er også avhengig av gode sakshandsamingsrutinar slik at klagerett og rettstryggleiken til innbyggjarane våre vert vareteke. Det er sagt at eit omdøme vert bygd opp centimeter for centimeter, men vert rive ned i heile meter.

Økonomi får ei breiare omtale seinare i meldinga, men Ulstein kommune fekk eit negativt netto driftsresultat på 1,31 millionar kroner. Dette er eit mindre underskot enn det som var prognosar midt i året. Ein av grunnane til at underskotet vart redusert er stram styring og nøkternt forbruk frå einingane. Det er all grunn til å gi honnør for dette arbeidet. På grunn av avsetningar (sjå kapittelet om økonomi) er driftsfondet til kommune redusert med 9.85 million kroner i 2020. Dette betyr redusert handlefridom for kommunen og det er viktig å snu denne utviklinga.

VERNER LARSEN
kommunedirektør



Unge MOTivatorar i 10. klasse ved Ulstein ungdomsskule, klare for å vere med og lage ein ekstra fin dag for dei rundt seg på MOT til å glede-dagen, 23. november. Foto: Marie Flatin



Foto: Leif Ringstad

Eit annleis år

Korleis skal vi eigentleg summere opp året som gjekk? Det er ingen tvil om at det vart eit heilt spesielt og krevjande år, men kan vi notere oss nokre positive erfaringar også?

Det starta så bra, året 2020 – arbeidsløysa var på ny under landssnittet, omsetninga i dei lokale butikkane var aukande og industrien melde om lysning i marknaden. Vi såg endeleg ut til å vere på veg ut av offshorekrisa som har ridd oss som ei mare sidan 2015. Lite visste vi då at det skulle kome ei ny og større krise som verken vi eller resten av verda var førebudde på, og som ville snu totalt om på liva våre.

Trass i at vi var lite førebudd, takla kommunen, næringslivet og innbyggjarane den nye kvardagen på ein tillitsvekkande måte. Sjølvsagt godt hjelpt av gode råd frå sentrale helsestyresmakter og rause krisepakkar frå staten. Vi skal vakte oss vel for å verte for høg og mørk, for vi har erfart at det ofte er tilfeldigheiter som avgjer om det kjem eit smitteutbrot eller ikkje. Det er likevel all

grunn til å takke næringslivet som sette i gong gode og strenge tiltak for å unngå importert smitte i lokalsamfunnet, og ansvarlege innbyggjarar og tilsette som gjennom kloke val har teke ansvar for seg sjølv og andre. Eg er ikkje i tvil om at dette har bidrege til at vi så langt har unngått større utbrot.

OMSTILLINGA HELD FRAM

Handteringa av pandemien har teke mykje fokus i året som har gått, og har ført til betydeleg ekstra ressursbruk. Det målretta arbeidet med omstilling og innovasjon har likevel ikkje kome heilt i bakleksa. I løpet av året har vi fullført parallelloppdraget for Ulsteinvik sentrum- Ulshaugen-Holsekerdalen. Dette greidde vi trass restriksjonar, og fekk gjennom prosessen gode innspel

frå innbyggjarar, næringsliv og arkitektgruppene om korleis vi gjennom smarte løysingar kan forme tettstaden vår til å handtere ei framtid der fleire vert eldre og krava til berekraft aukar. Det skal vi klare fint, men då må vi også lukkast med å løfte fleire ut av utanforskap slik at flest mogleg får høve til å bidra til fellesskapet.

Ein av dei største gevinstane vi fekk av å vere gode på innovasjon var når vi vart tvungne til å stenge skulane og gå over til digital undervisning. Då fekk vi verkeleg igjen for satsinga på Teknologiskulen. Erfaringa er likevel at bruk av digitale verktøy eignar seg best i kombinasjon med fysisk frammøte og i samspel med kvarandre.

Satsinga på heiltidskultur har også halde fram, og det målretta og gode arbeidet som Ulsteinvik barneskule og omsorgsetaten har stått i bresjen for har fått nasjonal merksemd. Gjennom å fokusere på kva heiltidskultur har å bety for kvalitet i tenestene har vi funne ein felles motivasjon for å løyse deltidsutfordringane. Eg vil gratulere heiltidsprosjektet med nyskapprisen for 2020.

FUGL FHÖNIX

Ei anna positiv erfaring vi har med oss frå korona-året er at fleire har fått auga opp for at å bu i distriket har sine positive sider. Medan dei i det sentrale Oslo-området har levd under strenge restriksjonar der folk må halde seg heime, har vi på våre kantar i langt større grad kunne leve frie og normale liv. Sterkare politisk press for desentralisering av arbeidsplassar i kombinasjon med nyttige erfaringar frå bruk av heimekontor og digitale møte opnar nye moglegheiter for å kombinere karriere med å bu i distrikta. Med Ulstein sine kvalitetar bør vi vere ein god kandidat som bustadkommune.

Når verda etterkvart vert vaksinert og verdsøkonomien tek seg opp, er eg trygg på at Ulsteinsamfunnet vil reise seg ut av oska og falde ut vengene – klar for nye oppgåver.

KNUT ERIK ENGH
ordførar



Som einaste skule i fylket, med 12 av 12 rette svar, gjekk Ulstein ungdomsskule direkte til finalerunden i Klassequizzen 2020 på NRK TV. Her er Edvard Dimmen Roppen, Niels Leenders og Johanne Orvik med diplomet. Foto: Svein Arne Orvik



Foto: Svein Arne Orvik



Vilje og evne til omstilling

2020 - Året som vert hugsa som det året koronapandemien prega kvardagen vår.

12. mars 2020 vart det i Noreg innført dei strengaste restriksjonar sidan krigen - og det på grunn av eit virus. Eg kan vel trygt seie at ingen var førebudde på dette, verken i kommunane eller i statsforvaltninga. Vi hadde høyrt at det var ein infeksjon med alvorleg sjukdom i Kina, men at Europa og Noreg skulle verte ramma så brutalt, kom overraskande på oss alle. Vi måtte på kort tid endre heile livsførelsen vår både med omsyn til arbeidslivet og fritida vår. Skulane og institusjonane våre vart stengde og vi vart alle mykje meir isolerte med heimekontor, heimeskule, så få kontaktar som mogleg, i tillegg til strenge reglar. I ettertid kan vi konkludere med at innbyggjarane i Ulstein har takla dette godt. Våre tilsette snudde seg raskt om og la om arbeidsmetodane etter kva som vart kravd. Det vart digital undervisning, digitale møte, nye rutinar og nye arbeidsoppgåver. Det var stor vilje og

evne til omstilling og til å stå på for å takle denne situasjonen - som snart vart definert som ein verdsomspennande pandemi av WHO. Eg har her lyst å peike på noko av det som har vore viktig for Ulsteinsamfunnet dette året.

1) HELSETENESTA

- **Legetenesta:** Ei godt fungerande fastlegeteneste/legevakts er grunnleggjande i ein pandemi. Ulstein kommune har alltid hatt godt samarbeid med fastlegane. Legesenteret fekk tilført ekstra ressursar, mellom anna i form av omplassert personell frå oppvekst/kultur, som sikra godt smittevern på venterommet. Vi har difor klart å halde legesenteret ope og tilgjengeleg heile året.
- **Legevakta:** Her fekk vi raskt til ein avtale om fastløn slik at

legane på vakt var disponible gjennom heile døgnet for folket vårt. Spesielt viktig om det skulle verte utbrot av korona på ein institusjon eller i omsorgsbustadene, men uansett ein tryggleik for alle og ikkje minst for tilsette i omsorgstenesta.

- ▶ **Teststasjon/infeksjonsklinikk:** Vi valde å leggje teststasjonen vår til legesenteret. Vi fekk først sett opp eit drive-in telt, men det blåste ned i første stormen. Då var vi så heldige å få leige ei leilegheit i etasjen over legesenteret, som vert brukt som infeksjonsklinikk, og i tillegg fekk vi låne ein garasje ved inngangen. Det er trygt at infeksjonspasientar har eige lokale både på dagtid og legevakt. Testing vert gjort ved garasjen.
- ▶ **Kommuneoverlege/smittevernlege:** Ulstein kommune har hatt kommuneoverlege i heil stilling og smittevernlege i deltidsstilling. Sistnemnde jobbar ved legesenteret, noko som har vore positivt for å få til gode tenester. Begge har vi lagt vinn på å vere svært tilgjengelege og tydelege rådgivarar under pandemien, både i organisasjonen og ut mot frivillige, næringsliv m.m.
- ▶ **Smittevernarbeid/smittesporing:** Smittevernplanen har vorte revidert, og ein ny pandemiplan har vorte laga i samarbeid med omsorg. Smittesporingsteam er oppretta med kommuneoverlegen som leiar og medlemmer frå helsestasjon og legesenter. Vi har brukt mykje tid og ressursar på samarbeid med næringslivet. Dette har vore nyttig i og med at importsmitte blant gjestearbeidarar har vore ei utfordring. Det gode smittevernarbeidet i bedriftene og det gode samarbeidet har hindra at denne smitta har spreidd seg til lokalsamfunnet.
- ▶ **Vaksinasjon:** Dei første vaksinane vart godkjende rett før årsskiftet 2020/2021. Vaksinasjon er i skrivande stund starta opp og vi har lagt denne oppgåva til helsestasjonen. Det vert ei ressurskrevjande oppgåve i 2021.
- ▶ **Helsestasjonen:** Midt i pandemien har denne vore open og tilgjengeleg heile tida, og har klart å halde oppe dei fleste tenestene. Det vart i tillegg starta støtte- og rådgivingstelefon for elevar og foreldre. Vi har lagt vinn på at helsestasjonen fysisk også skal vere open innanfor smittevernreglane. I tillegg har dei stilt med personell til teststasjonen i første halvår, dei er med i smittesporingsteamet og har no ansvar for vaksinasjonen mot korona.

2) OMSORGSTENESTA

Det vart mykje arbeid knytt til å sikre nok personell, dvs. unngå for mykje arbeid på tvers av avdelingar med risiko for mange i karantene. Det same med å unngå å blande bebuarar frå ulike

grupperingar som dagplass og institusjonsplassar, samtidig som at vi ønskjer at tenestene skal vere så gode som råd. Vi har også lagt vekt på å halde institusjonane opne for besök med godt smittevern. Med dyktig helsepersonell, ansvarlege besökande og ein viss porsjon flaks, har vi klart å unngå smitte i institusjon. Vi hadde tidleg i pandemien eit smittetilfelle innan tenesta for heimebuande, men heldigvis var det avgrensa. Vi fekk likevel innblikk i alvoret i sjukdommen, og vi lærte mykje .

3) OPPVEKST, SKULE OG KULTUR

Skulane i Ulstein takla godt overgangen til digital undervisning. Det har likevel vore ein del utfordringar i samband med endringar, mellom anna korleis sikre at vi når dei mest sårbare elevane. Det har vore grøne, gule og rauda nivå. Samarbeidet skule/helse/smittevern har vore særskilt godt.

Kultursektoren har også gjort mykje for å klare å halde ope mest mogleg av tilboda innanfor dei nasjonale reglane. Det har vore ei utfordring sidan det stadig har vore endringar. Dei har laga gode reglar og rutinar og innhenta tilbakemelding frå smittevernet.

4) SAMARBEID/INFORMASJON

Pandemien har ført til eit auka samarbeid i organisasjonen. Eksempel på dette er auka reingjering frå Ulstein eigedomsselskap KF, hjelp frå teknisk til skilting ved teststasjon og i samband med vaksinering, samhandling med skule og kultur med tanke på smittevernreglar ved arrangement, samlingar, aktivitetar, skule, kohortar m.m. Ikkje minst eit tett samarbeid mellom omsorg og helse.

Vidare har kommunikasjonsavdelinga vår gjort mykje godt informasjonsarbeid på heimesidene til kommunen, på Facebook og elles. Vi har også med stort hell nytta lokalpressa og hatt ein god dialog der. Dei er ei viktig kjelde med omsyn til å få ut informasjon til dei vaksne og eldre innbyggjarane.

Mykje kurs og møter har vorte digitale, og det har delvis ført til auka samhandling innanfor og over kommunegrensene. Dette kan vi ta med oss vidare som eit nyttig verktøy i organisasjonen.

Vi er heldige som bur i ein kommune med mykje natur, og som har hatt få ekstra restriksjonar. Vi håper likevel at vi i løpet av det neste året skal få tilbake meir av fridommen vår og kan leve meir av det sosiale livet vi alle lengtar etter. Det må vere eit viktig mål for det neste året.

NORUNN KIRKEBØ ELDE
Kommuneoverlege



Foto: Per Eide

God folkehelse i Ulstein – men mange utfordringar

Folkehelse handlar om trivsel og livskvalitet og kor godt rusta vi er til å takle dei utfordringane vi møter gjennom livet. Det overordna målet for folkehelsearbeidet i Noreg er fleire leveår med god helse for den einskilde, og å redusere sosiale helseskilnader blant innbyggjarane. Tidleg innsats for barn og unge, førebygging av einsemd og mindre sosial ulikskap innan helse, vert løfta fram som viktige område å forsterke innsatsen på.

Dei aller fleste i Ulstein trivast og har god helse. Det viser folkehelseoversikta for 2020. På mange indikatorar ligg kommunen godt an samanlikna med både landssnitt, fylkessnitt og nabokommunar. Ulstein kommune har relativt ung folkesetnad, og vi kan vente oss ein framleis relativt stor folketalsvekst. Korleis koronaen vil påverke folkesetnaden er usikkert, men nokre trendar vil nok framleis gjere seg gjeldande dei nærmaste åra: talet på eldre vil auke kraftig, talet på fødde følger ein lang nedgåande trend, og talet på innvandrarar vil mest truleg halde fram med å gå ned.

Den maritime næringa, som er svært viktig for lokalsamfunnet vårt, er inne i ei usikker periode, og det er framleis uvisst korleis dette vil påverke folketalsvekst, næringsliv og arbeidsløyse framover.

Barn og unge i Ulstein har svært gode oppvekstvilkår, med gode barnehagar og skular, låge tal på mobbing og høg trivsel i lokalsamfunnet. Vi har høg deltaking i organiserte aktivitetar og gode faglege resultat blant elevane. Vi har ein sterk helsestasjon og ei god skulehelseteneste med stort fokus på tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats.

UTANFORSKAP

Likevel er det utfordringar som vi må ta inn over oss. Utanforskap er ei av dei største folkehelseutfordringane vi har, og dette er ei svært samansett utfordring. Det å stå utanfor, om det er utanfor arbeidslivet, utanfor sosiale nettverk, eller utanfor fritidsaktivitetar, kan få uheldige konsekvensar og ringverknader både for den enkelte, og for samfunnet. Talet på åleinebuande er høgare enn tidlegare. Situasjonen vi står midt oppe i med korona, fører også til at mange er meir isolerte enn før. Einsemd er eit aukande problem nasjonalt, og i Ulstein ser vi også at særleg fleire eldre opplever einsemd i større grad. Gode møteplassar på tvers av alder, kultur og andre føresetnader, både fysiske stadar og lokale og sosiale arrangement og aktivitetar med låg terskel for deltaking, er viktig for å skape eit meir inkluderande lokalsamfunn.

Vi ser at mange av dei busette flyktningane i Ulstein står langt borte frå arbeidslivet ved busetting. Vi veit at arbeid er svært viktig for integrering, både for språk, kulturforsaing og for sosial nettverksbygging.

Statistikken viser også at talet på låginntektshushald held fram med å auke, og at fleire enn tidlegare bur trøngt. Vi veit at barn og unge er særleg utsett med tanke på uheldige konsekvensar av dette, og utsette born og ungdom må ha særleg fokus i arbeidet med å førebyggje utanforskap.

IDRETT

Sjølv om deltakinga i organisert aktivitet er svært høg i Ulstein, er det mange som sluttar i løpet av ungdomsåra. Ungdommen sjølv melder at for høge ambisjonar er ei viktig årsak til fråfallet. Det er også barn som sluttar, eller ikkje deltek i det heile, av andre årsaker, til dømes økonomi, utstyr, transport eller sosiale barrierar. Dei fleste av barrierane som står i vegen for deltaking kan og bør verte førebygde.



Fullt hus i Ulsteinhallen.
Foto: Svein Arne Orvik

OVERVEKT

Overvekt og fedme er eit aukande folkehelseproblem generelt, og statistikken viser at Ulstein har noko høgare førekomst enn landet elles. Dette heng tett saman med livsstilsvanar som kosthald og fysisk aktivitet, og er noko vi bør ha fokus på i det førebyggande og helsefremjande arbeidet.

DIGITAL MOBBING

Vi ser at tala for mobbing er låge, noko som er svært positivt. Ein trend som derimot er aukande, er mobbing på den digitale arenaen. Skulane melder om at kommentarar, utesengjing og andre utfordringar knytt til samspelet mellom elevar på den digitale arenaen er eit problem dei ser mykje til, og som påverkar skulekvarden og trivselen til elevane, sjølv om det ikkje skjer i skuletida.

Ungdata-undersøkinga viser at mange ungdommar i Ulstein brukar over fire timer dagleg på skjerm, utanom skullearbeid. Psykiske plager er aukande blant ungdommane våre og heng også saman med mindre fysisk aktivitet på fleire måtar. Mindre aktivitet generelt, problematisk forhold til mat, mangel på energi og overskot, smerter i musklar og ledd, og mindre og därlegare sovn er alle faktorar som heng saman med både psykisk helse og eit lågare aktivitetsnivå, som har uheldige konsekvensar for helse og livskvalitet.

Å fremje psykisk helse i alle aldersgrupper og førebygge einsemd vil vere eit viktig fokus framover, også med tanke på korona-situasjonen som medfører meir sosial isolasjon og avstand mellom menneske. Frivillig sektor representerer ein viktig ressurs og bidreg til engasjement, meiningsfulle aktivitetar og utfører viktige samfunnsoppgåver.



17.mai ved Sundgotmarka barnehage.
Foto: Svein Arne Orvik



I Ulstein kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen fra 2017 er der vedteke mål om at tettstaden Ulsteinvik skal vidareutviklast med fokus på nyskaping, sosiale møteplassar, bulyst, aktivitet og tilrettelegging for næringslivet. I arbeidet med fortetting skal vi finne gode løysingar i kryssingspunktet mellom næring (industri/handel), bustad/fritid og tettstadutvikling.

Målsetjinga vart følgt opp i arealdelen av kommuneplanen fra 2019 der det i tillegg vart presisert at kommunen skal fokusere på eit kompakt og fleirfunksjonelt sentrum. Arealdelen konkluderer også med at problemstillingar knytt til fortetting, bygningshøgde, parkering, offentlege rom og aktivt gateliv skal ha fokus i ein ny områdeplan for sentrum av Ulsteinvik.

I Holsekerdalen har kommunen eit større område regulert til bustadføremål. Over tid har mange meint at arealet burde verte utnytta enda betre enn til tomanns- og firemannsbustader. I tillegg har det meldt seg behov for ytterlegare utbygging av omsorgsbustader som naturleg bør ligge ved omsorgsbasen på Ulshaugen.

Arealet ligg tett på sentrum, og planlegging av desse funksjonane burde koplast på føreståande planprosess for Ulsteinvik sentrum. Administrasjonen meinte at det ville vere nødvendig å få inn idear frå eksterne fagmiljø i det vidare planarbeidet. Etter råd frå fylkeskommunen vart det lagt opp til å få utarbeidd eit parallelloppdrag for Ulsteinvik sentrum, Ulshaugen og Holsekerdalen. Parallelloppdrag er ein prosess der to eller fleire arkitektkontor parallelt arbeider med problemstilling(ar) for eit område som skal munne ut i idear og konkrete forslag for komande planarbeid. Dette vert gjort til ei på førehand avtalt godtgjersle.

Etter at kommunestyret godkjende bruk av midlar til eit parallelloppdrag i juni 2019, jobba administrasjonen vidare med gjennomføringsplan for oppdraget. Fylkeskommunen var med som rådgjevar i prosessen og har også løyvd 850 000 kroner i tilskot. Totalkostnad med parallelloppdraget inkludert administrativ eigeninnsats er på 2,2 millionar kroner.



Parallelloppdrag i Ulstein

Arkitektgruppene leverte mange nye idear, innspel og føringar på korleis Ulsteinvik sentrum, Ulshaugen og Holsekerdalen bør formast og vidareutviklast i framtida. Kommunen har grunn til å vere godt nøgd med det gjennomførte parallelloppdraget.

Illustrasjon: Team Nordic



Oppdraget vart utlyst i februar 2020 med frist for å kome med tilbod like over påske. Det var 16 arkitektmiljø som meldte seg. Arkitektgruppene til Kaleidoscope og Nordic vart valde ut til oppdraget. Prosessen vart gjennomført med oppstarts-, midtvegs- og sluttseminar der arkitektane jobba med dei faglege utfordringane mellom seminara. Det var omfattande medverknad gjennom fokusgrupper (fellesrådet, helse og omsorg, næringsliv, politikarar, ungdomsrådet), folkemøte (både fysisk og digitalt), møte med administrativt planforum og høve til skriftlege innspel m.m.

I rapportane frå arkitektane er der ei mengde idear, visjonar, framtidssilde, innspel, konkrete råd til enkle tiltak og omfattande forslag til prosjekt og endringar der det m.a. er fokus på tilknytinga mellom land og sjø. Kommunen har elles fått svar på størsteparten av dei mange bestillingane som låg i utlysinga av parallelloppdraget.

Representantar for Bylivssenteret som er underlagt Norske arkitekters landsforbund (NAL), har vore prosessrettleiarar under parallelloppdraget. Bylivssenteret var også involvert i arbeidet vurderingsgruppa gjorde etter at rapportane frå arkitektkontora var lagt fram. Rapporten gir ni konkrete tilrådingar til kommunen for vidare planarbeid, inkludert strategiar for gjennomføring. Desse har kommunestyret slutta seg til i vedtak av november 2020.

Det som har kome fram av parallelloppdraget ligg til grunn for arbeidet med områdeplan for Ulsteinvik sentrum, Ulshaugen og Holsekerdalen som vert arbeidd med i 2021. Det var i prosessen lagt ned ein stor innsats frå mange involverte, både innleigde fagfolk, engasjerte innbyggjarar, folk frå næringslivet, politikarar og personell frå administrasjonen.



På veg

Ulstein kommune er saman med alle kommunane i Møre og Romsdal med på berekraftsfylket. Saman skal vi ha eit koordinert og metodisk krafttak for å nå berekraftsmåla til FN innan 2030.



Skuleelevene i Ulstein skaffa nær ein kvart million kroner til TV-aksjonen 2020 som hadde tema «Eit hav av moglehete». Pengane gjekk til WWF og tiltak mot plast i havet. Ulsteinvik barneskule samla inn fjerde mest pengar av alle skulane i landet.

Foto: Svein Arne Orvik

Berekraftsmåla til FN er inndelt i sosial, miljømessig og økonomisk berekraftsmål. Til saman utgjer det verdas felles arbeidsplan for å utskrive fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Dei 17 verdsmåla vart vedteke av generalforsamlinga i FN i 2015 og gjeld for alle land. Regjeringa har forplikta Noreg til å arbeide for å nå måla. I Ulstein vart dei for første gang innarbeida i budsjett- og økonomiplanen 2019–2022.

Ulstein kommune har prioritert fire mål som vi har størst høve til å påverke:



Ulstein kommune gjer allereie i dag mange tiltak som fører oss nærmare berekraftsmåla. Det er likevel utfordrande å sjå korleis vi best skal jobbe for å ta omsyn til både sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. Vi har difor saman med berekraftsfylket brukta hausten til å kartlegge berekrafta til Ulstein kommune gjennom [FN-programmet U4SSC](#) (United for smart sustainable cities). Ved å nytte eit felles rammeverktøy med heile regionen står vi sterkare til å utvikle også eigne og felles handlingsplanar.



Enklare med digitale løysingar

Ved bruk av teknologi har vi gjennom 2020 fornøya, forenkla og forbetra fleire prosessar og tenester for innbyggjarane, brukarar og tilsette i kommunen.

Digitalisering er eit viktig verkemiddel for å få til ein enklare kvardag for alle som bur og arbeider i Ulstein. Å arbeide med digitalisering og forenkling er krevjande fordi det inneber endring samtidig som vi skal levere daglege gode tenester. Men målet er alltid at det skal verte betre for brukarane til slutt.

Her er dei største digitaliseringsprosjekta som har vore gjennomført og vi har sett resultatet av i 2020 i Ulstein kommune.

FOR INNBYGGJARANE GENERELT

- ▶ **E-Torg** er kommunane sin nettbutikk for sal av kart, eigedomodata og byggesakstener. Her finn du digitale kart, meklarpakke, 3D-modellar, nabovarsling, eigedomsinformasjon og mykje meir. Dette sjølvbetjente tilbodet gjer at innbyggjarar og næringsliv kan bestille produkt heile døgnet og det er rask levering. Du får bestilt produkt frå alle sju kommunane på Søre Sunnmøre i same portal.
- ▶ **MinEigedom** er ei løysing til innbyggjarane der dei får sjå kva som er registrert på eigne eigedomar. Tenesta gir oversikt over eigedomen og kommunale tenester knytt til eigedomen/-ane du er heimelshavar på. Den gir mellom anna oversikt over adresser, matrikkeldata på bygg og eigedom, eigedomsgebyr og faktura, eigedoms-skatt, kart, vassmålar, feiling og septiktank. Du kan også sende meldingar inn til kommunen via tenesta.

► **eDialog** gjer det mogleg for innbyggjarar å sende oss brev og dokument elektronisk på ein trygg måte. I 2021 er det også mogleg å svare på digital post som Ulstein kommune har sendt til di digitale postkasse

► **Digitale og automatisering av skjema** skal gjere det enklare å søke kommunen om tenester og forenkle prosessen både for søker og sakshandsamar.

Ambulerande skjenkeløyve

► **eByggesak** Innbyggjarar og profesjonelle kan nytte ebyggesak som er ein digital portal for å søke om mindre byggeprosjekt.

► **Bekymringsmelding til barnevern** er ei ny og enkel digital løysing for å sende bekymringsmelding til barnevernet der meldinga vert sendt på ein sikker måte til rett instans i barnevernet.

► **Digital søknad om sosialhjelp** DIGISOS gjer det mogleg for innbyggjarar å kommunisere og søke om økonomisk sosialhjelp digitalt.

FOR DEI SOM ER TILSETTE I KOMMUNEN

- ▶ **Komtek Brannforebygging** er ei løysing som gir ei betydeleg auka kvalitetsikring og effektivisering av oppgåver som gjeld planlegging,

registrering, oppfølging, korrespondanse, rapportering og fakturering av feiling og tilsyn.

► **Vektorisering av eldre reguleringsplanar –**

Reguleringsplan er eit av dei viktigaste datasetta vi har. Skal vi utnytte moglegheitene kring automatisering og analyse i og mellom dei løysingane vi har, må planane vere vektorisert.

► **Elektronisk historisk arkiv** Uttrekk av historisk elektronisk arkiv frå gammalt arkivssystem som gir enklare oppslag og nedlasting av dokument.

► **FIKS Smittesporing** hjelper oss å gjere smittesporinga enklare for smittesporingsteamet ved å halde oversikt over personar i karantene og isolasjon.

FOR DEI MED BARN I GRUNNSKULEN

ELLER SOM ARBEIDER I GRUNNSKULEN

► **Digital undervisning:** Skulane i Ulstein har det siste året lagt til rette for digital undervisning i langt større grad enn tidlegare. Koronastenginga våren 2020 førte til at svært mykje undervisning vart gjennomført digitalt. Skulane har digitale læringsressursar og digitale læringsverktøy. Alle lærarar har fått formell utdanning i profesjonsfagleg digital kompetanse.

► **Digitale skjema:** Skulane har teke i bruk digitale skjema for ulike arbeidsprosessar. Døme på arbeidsprosessar som har vorte digitale er; innskriving ved skulen, søknad om bistand frå PPT, bekymringsmelding til barnevernstenesta.

► **Administrasjonsprogram for oppvekst:** Vi arbeider for stadig å forbetre administrasjonsprogram for skule og barnehage, Tieto Education Administration. Nytt av året er:

► **Tieto Education-appen:** Undervegvurderingar er tilgjengelege gjennom Tieto Education-appen.

► **TimeEdit:** Digitalt timeplanleggingsprogram. Kvar tilsett kan hente ut sine timeplanar. Eleven sin timeplan er tilgjengeleg i Tieto Appen.

► **Variabel løn;** Alle prosessar rundt planlegging, føring og utbetaling av variabel løn er gjort digitale gjennom Tieto Education.

FOR DEI SOM ER BRUKARAR AV HELSE- OG OMSORGSTENESTER ELLER TILSETTE I HELSE OG OMSORG

► **Tryggleiksalarm:** Alle tryggleiksalarmer til heimebuande er no digitale. Det betyr at ingen treng verken mobiltelefon eller analog telefon for å få tryggleiksalarm.

► **Safemate GPS** er ein mobil tryggleiksalarm i form av ei brikke eller ei klokke som også vert brukt som valdsalarm for tilsette. Brukarar i institusjon, omsorgsbustad og privat heim har teke dette i bruk. Brukaren kan tilkalle hjelp i

akutte situasjonar og kan lokaliserast dersom det er behov.

► **Elektronisk medisineringsstøtte** er førstevalet dersom innbyggjarane treng hjelp til medisinering. Brukarane får beskjed når dei skal ta medisin, og tenesta får beskjed dersom medisinen ikkje vert teken.

► **Digitalt tilsyn RoomMate og Somnofy:** Kommunen har i 2020 auka bruken av digitalt tilsyn i tenesta. Det er eit mål at vi framover skal nytte digitale tilsyn enda meir også i private heimar der det er behov for tilsyn på natt. RoomMate er eit anonymisert digitalt tilsyn som kan gi varsel om kritiske situasjonar eller vi kan gjennomføre digitale tilsyn utan å risikere å vekke brukarane. Det er også no mogleg å kople til eksternt utstyr til RoomMate som aktiv varsling, døralarmer og snortrekk. Somnofy er eit utviklingsprosjekt kommunen har saman med ALV (Arena for læring om velferdsteknologi) og Vital Things. Somnofy kan oppdage om brukaren er vaken, sov i senga eller ikkje er i senga, i tillegg til at systemet kan observere pusten. På denne måten kan brukaren få tilsyn og stell når han er vaken, og tilsette kan få varsel dersom brukaren til dømes har forlate senga om natta.

► **Digital heimeoppfølging:** Det vart i 2020 sett i gang eit prosjekt med Digital heimeoppfølging saman med kommunane Sula og Sykkylven.

► **Pasientvarsling:** Starta planlegging av nytt pasientvarslingsanlegget ved dei kommunale omsorgsinstitusjonane for å få eit meir funksjonelt og moderne anlegg, og som vil ha felles plattform med dei digitale tryggheitsalarmane.

► **Felles pasientjournalsystem Visma HsPro:** Vi har innført Visma HsPro som felles elektronisk pasientjournalsystem (EPJ) for helsestasjonane i Sjostjerna: Dette inneber ei høg grad av standardisering på dokumentmalar, metodeoppsett og anna systemteknisk oppsett. Som resultat er helsestasjonane i Sjostjerna no likare, og har ei betre støtte i å utføre tenestene sine i tråd med nasjonale retningslinjer enn tidlegare.

► **Innført digital post og elektronisk arkiv:** Brev frå helsestasjonen om t.d. timeinnkalling sendast no elektronisk til innbyggjarane, via KS SvarUt. Innbyggjarane får post levert via Altinn eller digital postkasse. Arkivverdige brev til og frå helsestasjonen lagrast no automatisk i arkivkjerna Visma Samhandling Arkiv (VSA).

► **HelseRespons:** Tenesta HelseRespons frå WTW AS er innført for helsestasjonen. Dette gjer at innbyggjarar kan kontakte helsestasjonen via app eller SMS for enkle ærend som t.d. endring, avbestilling og bestilling av ny time, og også fornying av reseptar. Denne løysinga vil verte erstatta av den nasjonale fellesløysinga DigiHelsestasjon våren 2021.



Foto: Svein Arne Orvik

Eit godt nytt år

Nyskaping er ein føresetnad for at vi skal lykkast i framtida.

Nyskapingsstrategien vår «Fire steg på ein ny veg» skal hjelpe oss til å utvikle framtidas Ulstein, slik at vi også i framtida har eit godt og attraktivt lokalsamfunn. Korleis skal vi saman med innbyggjarane, næringslivet, dei frivillige organisasjonane og den kommunale organisasjonen oppdage nye moglegheiter og prøve ut nye løysingar saman? Det er «avgjerande at dei menneskelege ressursane er mobiliserte – med eit ope samspel internt og eksternt. Berre slik finn vi nye svar på dei samansette utfordringane kommunen skal vere med på å løyse. Vi treng både ein kultur og ein struktur som legg til rette for at nyskaping kan skje», heiter det i strategien.

Skaparhuset skal nettopp vere ein stad for felles problemløysing. Skulesektoren har vore gode til å ta i bruk denne arenaen gjennom hausten 2020.

ÅRETS NYSKAPAR 2020

Eit tiltak i nyskapingsstrategien vår er å dele ut ein årleg nyskapingspris i kommunen. Prisen skal gå til ein person, ei gruppe, eit prosjekt eller ei avdeling i kommunen som har skapt noko nytt som er nyttig og (prøvd) nyttiggjort.

Den første prisen vart delt ut for 2019, og vinnaren vart avdelinga Inkludering og mangfold i Ulstein (IMU).

I 2020 vart 10 kandidatar nominert til prisen frå ulike delar av organisasjonen. Av desse valde juryen (leiargruppa, tillitsvalde og fjorårets vinnar) ut tre finalistar. Formannskapet, som er innovasjonsutval i kommunen, kåra vinnaren blant dei tre finalistane. Prisen er på 10 000 kroner og ein vandrepokal.

► **Heiltidskulturprosjektet på Ulsteinvik barneskule og Heiltidskulturprosjektet i Sone 3 i helse og omsorg. – Årets nyskapar 2020**

Juryen skreiv: «Heiltidsprosjektet i Ulstein har i tillegg til lokal effekt, gitt nasjonal merksemrd. Prosjektet oppfyller alle kriteria i statuttane for prisen og gir varig effekt. Gjennom samskaping på tvers av ulike tenesteområde har det lykkast å sette kvalitet for tenestemottakarar i fremste rekke. Samstundes har tiltaka gitt dei tilsette ein betre arbeidskveldag og frigjort ressursar. Erfaring frå dette prosjektet er overførbart til andre delar av organisasjonen og bidreg til større berekraft i tenestene.»

► **Velferdsteknologigruppa**

Bruk av velferdsteknologi er utruleg spennande og naudsnyt for å klare å yte gode kommunale tenester til innbyggjarane våre. Velferdsteknologien som er tatt i bruk har gjort at brukarar og pårørande kan kjenne større grad av tryggleik. Det gjer også at tilsette kan nytte tida på dei områda som er vanskeleg å digitalisere vekk. Velferdsteknologigruppa sin kompetanse og arbeidsmåtar er inspirerande for heile kommuneorganisasjonen.

► **Alle tilsette i grunnskulen for skuletilbod**

og heimeundervisning

Nominasjonsjuryen er imponert over korleis – og kor raskt skulane klarte å få til eit godt digitalt skuletilbod til elevane våre. De har klart å skape tryggleik for elevar, føresette og tilsette. De har stått på i ei krevjande tid, også med det meirarbeidet som eit godt digitalt skuletilbod har gitt. Nominasjonsjuryen trur også at dette tilbodet har vore ekstra viktig for sårbare born og unge.



Bilde øvst: Ulsteinvik barneskule: F.v. skulesjef Vegard Sæter Gurskevik, lærar Elisabeth Rønning, inspektør ved Ulsteinvik barneskule Kjell Lunde og rektor ved Ulsteinvik barneskule Karen Strand. Foto: Janne-Marit Myklebust

Bilde nedst: Heiltidskulturprosjektet, helse og omsorg sone 3. F.v. soneleiar Gunn Sætre, Marieke Christiansen, personalleiar Kari Riise, Bjørg- Allis Haanes, kommunalsjef Marit Botnen og Hilde Ringen. Foto: Janne-Marit Myklebust

“

Heiltidsprosjektet i Ulstein har i tillegg til lokal effekt gitt nasjonal merksemd.

Heiltidskulturprosjektet er Årets nyskapar 2020

Noko korona-forseinka fekk Ulstein kommune endeleg kåra vinnarane av prisen Årets nyskapar 2020. Tre verdige finalistar kjempa om topplasseringa.

Kåringa gjekk føre seg utanfor rådhuset 26. april 2021, og dei tre finalistane var: Velferdsteknologigruppa, tilsette i grunnskulen (heimeundervisning og skuletilbod under pandemien) og heiltidskulturprosjektet (sone 3 helse og omsorg og Ulsteinvik barneskule.)

Ordførar Knut Erik Engh stod for utdelinga på vegner av Ulstein formannskap. Prisen er på 10.000 kroner og ein vandrepokal.

Velfortente vinnarar er gjengen bak heiltidskulturprosjektet.

GRUNNGJEVINGA

Heiltidsprosjektet i Ulstein har i tillegg til lokal effekt gitt nasjonal merksemd. Prosjektet oppfyller alle kriteria som er sett i statuttane for prisen og gir varig effekt. Gjennom samskaping på tvers av ulike tenesteområde har dei lykkast med å sette kvalitet for tenestemottakarar i fremste rekke. Samstundes har tiltaka gitt

dei tilsette ein betre arbeidskveldag og frigjort ressursar. Erfaring frå dette prosjektet er overførbart til andre delar av organisasjonen og bidreg til større berekraft i tenestene.

Dette var noko av det ordførar Knut Erik Engh sa i talen sin:

Nyskaping handlar ikkje alle tider om å finne opp noko heilt *nytt* som ingen har sett før. Men dersom det skal falle under kategorien nyskaping så må det vere noko *nytt for oss* sjølv om andre har gjort det før. Men det er ikkje nok at det er nytt, det må også vere *nyttig*. Å innføre noko nytt som ikkje har noko nytte er eigentleg ganske meiningslaust. Slike prosjekt vert ofte eit bluff, og bidreg ikkje til endringar og utvikling. Men *nye* tiltak som er *nyttige* og som vert *nyttiggjort* er det som driv oss framover.

Gratulerer!

Organisasjon og økonomi

ORGANISASJON

VÅRE TILSETTE
LÆRLINGAR
SJUKEFRÅVÆR OG ARBEIDSNÆRVÆR
LIKESTILLING OG DISKRIMINERING
HEILTIDS KULTUR
LEIARUTVIKLING
AVVIKSRAPPORTERING
ETIKK
ARBEID MED KONTROLL
AV VERKSEMDA

ØKONOMI

DRIFTSRESULTAT
INVESTERINGSREKNESKAPEN
BALANSE
FOND
PENSJON
KONSERNET ULSTEIN KOMMUNE
OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF
INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE
OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF
BALANSEREKNESKAP, ULSTEIN KOMMUNE
OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF
ØKONOMISKE STYRINGSINDIKATORAR
OG FINANSIELLE MÅLTAL
FINANSFORVALTNING
LIKVIDITET
LÅNEGJELD, RENTE-
OG REFINANSIERINGSRISIKO

Våre tilsette

I alt 672 personar fordelt på 520 årsverk, var tilsett i Ulstein kommune ved utgangen av 2020. Kjønnsfordelinga er 78% kvinner og 22% menn.

TILSETTE FORDELT PÅ ALDER	
Under 20 år	4
20–29 år	75
30–39 år	153
40–49 år	157
50–59 år	168
60–69 år	120

SEKTOR	TOTALT	TAL		PROSENTDEL	
		KVINNER	MENN	KVINNER	MENN
I alt	672	522	150	77,7	22,3
Sentraladm og politisk	43	36	7	83,7	16,3
Oppvekst og kultur	281	227	54	80,8	19,2
Teknisk etat	58	8	50	13,8	86,2
Helse og omsorg	290	251	39	86,6	13,4

Lærlingar

I starten av 2020 var det 15 lærlingar som hadde kontrakt med Ulstein kommune via Opplæringskontoret Søre Sunnmøre. Ved utgangen av året var talet på lærlingar 18. Lærlingane i Ulstein kommune har vore fordelt på barne- og ungdomsarbeidarfaraget, helsearbeidarfaraget og institusjonskokk. Alle lærlingane som gikk opp til fagprøve i 2020 fekk godkjent; fire lærlingar og ein praksiskandidat. Både Opplæringskontoret og fagleiarane i kommunen har jobba godt med tilrettelegging og oppfølging for å sikre at lærlingane kjem i mål med fagprøva. Samarbeidet med Opplæringskontoret er svært godt.

I tillegg til ordinære lærlingar har Ulstein kommune engasjert seg i to andre regionale/fylkeskommunale prosjekt som skal gi tilbod om læreplass og sikre mangfold og integrering:

Ulstein kommune har i samarbeid med NAV, Møre og Romsdal fylkeskommune og andre kommunar på Søre Sunnmøre arbeidd for å etablere tilrettelagte løp for fagopplæring. I 2018 starta eit

treårig opplæringsløp i helsefag for 15 deltakarar. Frå sommaren 2020 var målet at deltakarane skulle vere ferdig med program- og fellesfag og gå vidare som lærlingar innanfor helse og omsorg. Fire av lærlingane som starta i Ulstein kommune hausten 2020 kom frå dette prosjektet.

Sommaren 2019 starta eit tilsvarande løp innan industri-mekanikarfaget. Dette som eit samarbeid med lokalt næringsliv ved MAFOSS. Om lag 10 bedrifter i regionen er med i prosjektet, og stiller med praksisplass og rettleiarar på arbeidsplassen. Ulstein kommune er verkskommune for prosjekta og begge prosjekta har vorte tildelt midlar frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, med grunngjeving i at prosjekta er av nasjonal interesse. Det overordna målet for prosjekta er at deltakarane skal fullføre utdanning og kome i ordinært arbeid, i tillegg til å sikre tilgang på faglært arbeidskraft no og framover.

Sjukefråvær og arbeidsnærvær

Ulstein kommune har ei målsetjing om at sjukefråværet ikkje skal overstige 7%. Trass i at 2020 har vore eit annleis år med pandemi, høgt arbeidspress og låg terskel for korttidsfråvær, er sjukefråværet i Ulstein kommune relativt lågt samanlikna med tidlegare år. Ein svak auke frå 2019 kjem i hovudsak av høgare korttidsfråvær,- truleg som følgje av pandemi. Bedriftshelsetenesta og NAV er viktige samarbeidspartar i arbeidet med å sikre god arbeidshelse

Vi veit ikkje i kva grad arbeidet med å etablere ein heiltidskultur har verka inn på sjukefråværet, men statistisk sett vil dette kunne gi positiv effekt på sjukefråværet. Vi ser dette arbeidet i samanheng med arbeidsmiljø, likestilling, nærvær og kvalitet.

Sjukefråvær i etat og i avdelingane vert opplyst og kommentert under kvar avdeling annan stad i årsrapporten.



Likestilling og diskriminering

LOV OM LIKESTILLING OG FORBOD

MOT DISKRIMINERING §1:

Lovens formål er å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgaver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder og andre vesentlige forhold ved en person.

Med likestilling menes likeverd, like muligheter og like rettigheter. Likestilling forutsetter tilgjengelighet og tilrettelegging.

Loven tar særlig sikte på å bedre kvinnenes og minoritetenes stilling. Loven skal bidra til å bygge ned samfunnsskapte funksjonshemmende barrierer, og hindre at nye skapes.

Likelønn: Vi har jobba aktivt med å sikre likelønn for kvinner og menn gjennom rekruttering og i lønnspolitikken. I 2020 er vi godt nøgde med eit resultat som viser at kvinnenes grunnløn i prosent av menn, justert for stillingskode er 101%, og justert for utdanning er talet 100,4%.

JUSTERT FOR	2016	2017	2018	2019	2020
Stillingskode	96,9	98,1	98,5	101,2	101
Utdanning	96,3	98,6	95,7	100,3	100,4

Utvikling i lønnsforhold justert for ulike faktorar i Ulstein kommune. Gjennomsnittleg grunnlønn pr. månadsverk for kvinner i prosent av menns lønn:

Heiltidskultur: Gjennom heile 2020, har Ulstein kommune jobba aktivt med å etablere heiltidskultur i organisasjonen. I tillegg til å sikre gode og likestilte tenester for brukarane våre, er dette også eit vesentleg arbeid for å styrke likestilling mellom kvinner og menn, sidan det i hovudsak er kvinner som arbeider deltid. Sjå meir om dette annan stad i årsrapporten.

Tilrettelegging og tilgjenge: Utbygging og utviding av turvegar, tettstadutvikling, meir ope bibliotek, gratis utlånsordning på BUA og Ung Arena er alle med på å gjere aktivitet og teneste tilgjengelig for alle, uavhengig av funksjonsevne og økonomi.

For å sikre likestilte tenester, likestilling og likeverd, ser vi det som svært viktig at heile organisasjonen tek eit felles ansvar for gode tiltak innan folkehelse og inkludering. Dette gjer vi gjennom mange små og større tiltak. Vi har godt samarbeid med NAV lokalt, der vi bidreg med praksisplassar og tilrettelegging for at flest mogleg skal få tilgang til arbeidslivet.

Heiltidskultur


I arbeidet med å etablere heiltidskultur i Ulstein kommune har vi lagt vekt på tenestekvalitet, kontinuitet, kompetanse, arbeidsmiljø, nærvær og leiing. I 2020 har både vi og andre fått erfare at fleire heiltidstilsette og fleire i store stillingar også er med på å sikre smittevern for innbyggjarar som treng våre tenester.

Trass fleire avlysingar og utsetjingar, vart det gjennomført fleire viktige arrangement knytt til heiltidskultur i 2020. Før nedstenging var vi vertar for ei heildagssamling i lag med KS, Fafo, Ørsta og Ringerike kommunar, i tillegg til regionale og lokale tillitsvalde frå arbeidstakarorganisasjonane. Her deltok også politisk og administrativ leiing i Ulstein. Planlagt nasjonal

konferanse vart gjort digital. Ordførar i Ulstein deltok i panelet og fleire frå Ulstein kommune deltok i film frå prosjektet i Ulstein og Ørsta.

Lokalt jobbar vi kontinuerleg med å ha heiltidskultur som tema i personalmøte, leiarSAMLINGAR, ved tilsetjingar og organisasjonsendringar. Vi ser at språket har endra seg frå å snakke om heiltid til like gjerne å snakke om kvalitetskultur og heilskapskultur. Pilotane i prosjektet; Sone 3 i omsorg og Ulsteinvik barneskule gjer ein særleg stor innsats både i eiga eining og i å dele kunnskap og erfaring med andre.


GJENNOMSNITTEG STILLINGSPROSENT PER TILSETT FORDELT PÅ SEKTOR



Regionalt og nasjonalt er prosjektet i lag med Ørsta og KS Møre og Romsdal forlenga til sommaren 2021. Ulstein kommune er også valt ut som ein av sju kommunar som skal bidra i eit nasjonalt prosjekt der resultatet skal verte ein rettleiar for norske kommunar.

I tabellen under, ser vi at nærmere 50% av våre tilsette har 100% stilling i 2020, mot 38% i 2015. Vi ser også at dei som har auka stillingsprosenten sin er kvinner som har hatt 50-99% stilling tidlegare.

HEILTIDSKULTUR – UTVIKLING 2015-2020						
	2015	2016	2017	2018	2019	2020
0 - 24,9% Alle	13	13	10,8	12,7	10,1	12
Kvinner	10,7	9,5	8,6	8,3	5,8	8,6
Menn	22	25,7	19,3	27,7	24,6	23,3
25-49,9% Alle	7,6	8	7,4	8,6	6,9	7,3
Kvinner	7,4	8	7,5	8,9	7,1	7,5
Menn	8,5	8,1	7,1	7,7	6,3	6,7
50-74,9% Alle	20,2	16,9	16,5	15,9	16,1	14,2
Kvinner	22,7	18,2	17,6	17,3	18,4	15,5
Menn	10,2	12,2	12,1	11	8,5	9,8
75-99,9% Alle	21,1	24,4	21,8	20	17,6	16,9
Kvinner	24,2	29,9	25,5	23,7	23,7	19,4
Menn	8,5	4,7	7,1	7,1	7	8,6
100% Alle	38,1	37,7	43,5	42,8	49,3	49,6
Kvinner	34,9	34,5	40,7	41,7	48	49,1
Menn	50,8	49,3	54,3	46,5	53,5	51,5



Figur nedst på side 30:

*I brannvesenet/teknisk er det mange deltidsstillingar med låg stillingsprosent. Desse er del av brannberedskapen og har stort sett heile stillingar hjå annan arbeidsgiver i tillegg.

Leiarutvikling

Våren 2019 starta vi eit leiarutviklingsprogram i samarbeid med PwC (Pricewater Cooperhouse). Programmet for 2020 vart delvis utsett og endra grunna pandemi. Dette har gjort at vi ikkje har fått den flyten og kontinuiteten vi ønska. Noko arbeid er gjennomført, medan andre aktivitetar er utsett til 2021.

Eitt av måla som var sett for prosjektet, var å gjere leiarane og mellomleiarane betre rusta til å ta initiativ til,- og gjennomføre naudsynte endringar og møte stadig nye utfordringar der formålet er å gi eit heilskapleg og godt tilbod til brukarane.

I samlingane og mellomperiodar, har leiarane og mellomleiarane jobba med konkrete oppgåver og utfordringar direkte relatert til jobben og Ulstein kommune. Aktuelle fokusområde har vore digitalisering, prosjektarbeid, samhandling mellom politikarar og administrasjon, effektiviseringsprosjekt, omstilling og kvalitetsutvikling. Førebels resultat frå arbeid i gruppene vart presentert for formannskapet hausten 2020.

Avviksrapportering

Vi nyttar eit elektronisk system for registrering og behandling av avvik. I 2020 var kvalitetssystemet til kommunen ute av drift ein lang periode. I denne perioden var det likevel høve til å melde elektroniske avvik. Helse- og omsorgsetaten har som i alle år, flest melde avvik. Avvik på tenestekvalitet omhandlar i stor grad medisinhandtering.

Tilsette som er utsette for vald og trugslar på jobb er ei omfattande og stigande utfordring både lokalt og sentralt. I 2020 har vi i større grad differensiert rapportering av avvik og småskader. Småskader omhandlar klor, bitt, slag, spark, lugging og verbal utagering frå brukarar som vert registrert som mindre alvorleg. Omfanget er likevel alvorleg. I helse- og omsorgsetaten i Ulstein vart det rapportert i alt 10 073 slike tilfelle. I oppvekststataen vart det rapportert 100 tilfelle av småskader i 2020. Desse kjem i tillegg til avviksmeldingane i tabellen under.

Dette tek vi svært alvorleg. Tiltak vert sett inn på fleire nivå; kurs og opplæring i regi av bedriftshelsenesta, samarbeid med andrelinjenesta om individuelle tiltak for forebygging og handtering, kompetanseheving, samarbeidsmøte og kvalitetsarbeid. I 2020 gjennomførte vi samarbeidsmøte med Arbeidstilsynet. I tillegg har vi hatt god kontakt med politiet for hjelp til forebygging og handtering av alvorlege hendingar. Også organisering av arbeidet og fordeling av ressursar er tiltak som skal førebygge vald og trugslar og sikre eit trygt og forsvarleg arbeidsmiljø.

Avvik på HMS og vald og trugsmål er tema i AMU. Det vert heile tida arbeidd for at dette skal vere eit system for kontinuerleg forbetering.

AVVIK/AVDELING	TENESTEKVALITET	HMS	TRUGSLAR OG VALD	INFORMASJONS-SIKKERHET	SUM AVVIK
Helse og omsorgsetaten	249 (220)	25 (26)	128 (274)	7 (2)	409 (522)
Oppvekst og kulturetaten	2 (2)	10 (25)	31 (60)	3 (2)	46 (89)
Teknisk etat	- (2)	3 (6)	-	-	3 (8)
Sentraladministrasjonen	2 (2)	2	-	3	7 (2)
UEKF	1 (1)	3 (5)	4	(2)	8 (8)
SUM AVVIK	254 (227)	43 (62)	163 (334)	13 (6)	473 (629)

Tal frå 2019 i parentes

Etikk

Vi har etiske retningslinjer som gjeld både folkevalde og tilsette i Ulstein kommune.

Retningslinjene skal vere ei hjel til større forståing, openheit og innsyn, og med det unngå spekulasjonar og mistanke om uetiske handlingar og kritikkverdige forhold. Kommunestyret, rådmann og einingsleiarar skal utøve eit leiarskap basert på høg etisk standard. Etikkreglementet er forankra i kommunen sine kjerneverdiar: Nyskaping, omsorg, rausheit og mangfald.

Retningslinjene vert gjort kjent for alle tilsette ved tilsetting. Lojalitet mot regelverket og ytringsfridom vert diskutert i organisasjonen med ujamne mellomrom. Vi har ikkje klare eksempel på at dette kjem i konflikt. Ytringsfridomen står sterkt, og det er positivt at kommunalt tilsette deltek i det offentlege ordskiftet.

Høg etisk standard er eit grunnlag for tillit frå innbyggjarane til kommunen. Etikk er og ein viktig byggstein i kommunen sitt arbeid med ein god internkontroll. Etter kommunestyrevalet i

2019 vart det halde folkevaldopplæring for nyvalde politikarar i Ulstein i samarbeid med KS. Den administrative leiinga deltok også på opplæringa. Etikk var eit av emna som vart gjennomgått, med vekt på spørsmål om gildskap. Ulike etiske dilemma vart drøfta. Kommunen nyttar det nasjonale Styrevervregisteret, der roller og eigarinteresser til folkevalde, kommunedirektøren si leiargruppe og mellomleiarar med budsjettansvar går fram.

Personvern har fått auka merksemd dei siste åra på grunn av personvernforordninga (GDPR), også i vår organisasjon. I 2019 publiserte vi omfattande oversikter over kva personopplysningar dei ulike etatane samlar inn – og korleis opplysningane vert behandla. Dette er eit arbeid som krev oppdatering om det skal vere kvalitativt godt. Vi har elles ei personvernerklæring som gjer greie for korleis kommunen samlar inn og nyttar personopplysningar. På nettstaden viser vi korleis innbyggjarane kan gå fram for å be om innsyn i opplysningane vi har om dei.

Arbeid med kontroll av verksemda

Kontrollen av verksemda er eit omfattande og kontinuerleg arbeid. Avvikssystemet vårt, Risk Manager, er ein viktig del av denne oppfølginga. Avviksmeldingar og lukking av avvik er korrektiv i kontroll- og kvalitetsarbeidet. Vi ser av avviksmeldingane at nokre områder som helse og omsorg er flinke til å melde avvik, andre er mindre flinke. Det er viktig å etablere ein god kultur for melding av avvik. Dette er eit verktøy for å bedre kvaliteten på tenestene våre, men det er også eit verktøy for å sjå om rutinane våre fungerer. Det at rutinar ikkje vert følgjt fører og til meirarbeid og ekstraarbeid.

Delegeringsreglementet vart vedtatt i slutten av 2017. Nytt delegeringsreglement skal til godkjenning i kommunestyret i 2021. Også finansreglement og økonomireglement vart lagt fram i 2021. Etter regelverket skulle desse sakene ha vore til politisk behandling innan utgangen av 2020.

Arbeidet med nytt saks- og arkivsystem vart starta opp i 2018, og nytt system vart teke i bruk i juni 2019. Systemet gir ein mykje betre dokumentasjon på handteringar og endringar i dokument. Det står att mykje arbeid før dei funksjonane som ligg i systemet for oppfølging er fullt ut tatt i bruk.

Kommunen har i 2020 hatt tilsyn frå Fylkesmannen (no Statsforvaltaren) på desse områda:

- ▶ Tilsyn etter opplæringslova på «Fatta vedtak om spesialundervisning etter opplæringslova» på Hasund skule og på Ulsteinvik barneskule. Tilsynet gav pålegg om nokre mindre rettingar, dette er gjennomført og tilsynet er avslutta.
- ▶ Tilsyn av Ulsteinvik barneskule, gjennomføring av nasjonale prøver. Tilsynet gav pålegg om nokre mindre rettingar, dette er gjennomført og tilsynet er avslutta.
- ▶ Tilsyn om eigenbetaling på institusjon. Tilsynet har gått føre seg gjennom heile 2020. Tilsynet vart starta opp i 2018 og er framleis ikkje lukka. Saksområdet er, via ein ekstern aktør, linka til varsling mot kommunedirektør frå november 2020.

Det er ein klar konklusjon ut frå desse prosessane at vi må styre meir ressursar inn mot saksbehandling, spesielt på omsorg. Det er eit område med eit komplisert og omfattande regelverk og krava til dokumentasjon og vedtak er stadig aukande. Rett saksbehandling er viktig for innbyggjarane sin rettstryggleik, viktig for kommunen sitt omdøme og ikkje minst går det på ein betydeleg ressursbruk i dokumentasjon og eventuell opprettning av feil i etterkant.

Driftsresultat


Rekneskapen for Ulstein kommune viser eit negativt netto driftsresultat på 1,31 mill. kroner, 2,27 mill. kroner mindre enn revidert budsjett. Saman med store netto avsetningar til bundne driftsfond på 8,54 mill. kroner (hovudsakeleg knytt til næringsfondet og sjølvkostområda vatn/avløp), gjer dette at det er nødvendig å bruke 9,85 mill. kroner av disposisjonsfondet i 2020. Ved utgangen av 2020 utgjer disposisjonsfondet 29,60 mill. kroner i kommunekassa.

Skatteveksten på årsbasis for kommunane vart i statsbudsjettet for 2020 anslått til 1,3%. Etter fleire år med ein solid meirskattevekst, vart det grunna pandemien i 2020 ein reduksjon i skatteinntektene i forhold til framleget i statsbudsjettet på 0,7 % (3,4 mrd. kroner). Om det vert lagt til grunn at skattereduksjonen er likt fordelt mellom skattesterke og skattesvake kommunar, utgjer Ulstein sin del av denne skattesvikten om lag 3,3 mill. kroner (sjå elles figuren under for antatt utslag for perioden 2016-2020). Dette forklarer mesteparten av det samla negative avviket på 3,0 mill. kroner på skatt og rammetilskot. Målt mot resten av landet vart brutto skatteinngang per innbyggjar på linje med perioden 2016-2019, litt over landssnittet (102,6 %). Før oljenedturen kom, låg inngangen langt høgare, mellom anna var han 118,7 og 117,4 % i 2014 og 2015. For ein kommune på storleik med Ulstein vil ein nedgang på 1 % i forhold til resten av landet utgjer om lag 1,1 mill. kroner i netto inntektstap.

og rammetilskot mindreinntekter på 0,6 mill. kroner. Døme på opphav til desse avvika er

- ▶ større lønstillskot frå NAV enn budsjettert
- ▶ høgare refusjon frå fylket til lærlingordninga enn budsjettert
- ▶ større refusjon frå andre kommunar til grunnskuleopplæring enn budsjettert
- ▶ større refusjon frå staten i samband med vidareutdanning av lærarar enn budsjettert
- ▶ ekstratilskot frå IMDi på flyktningområdet
- ▶ større prosjekttillskot til helsestasjonstenesta enn budsjettert
- ▶ større prosjekttillskot til innovasjonstiltak, velferds-teknologi og ulike aktivitetstiltak enn budsjettert
- ▶ mindre refusjon enn budsjettert frå den statlege refusjonsordninga for særleg ressurs-krevjande helse- og omsorgstenester
- ▶ mindreinntekter frå fjernvarmeselskapet knytt til leige av infrastruktur

I den grad desse meirinntektene har sitt opphav i prosjekt-basert lønnsrefusjon, vil dei kunne dekke inn meirforbruk på lønnsutgifter. Helse og omsorg har likevel eit negativt avvik på lønnsutgifter på nesten 9 mill. kroner som ikkje har tilsvarande dekning i meirinntekter.



Eigedomsskattesatsen vart redusert med 0,25 % i forhold til 2019. Inntekta vart difor redusert med 1,8 mill. kroner, og dette førte til eit negativt budsjettavvik på 1,3 mill. kroner. For overføringer og tilskot frå andre er det ei meirinntekt på 11,2 mill. kroner. Om lag 3,3 mill. kroner av dette er knytt til helse- og omsorgssektoren, mens 6,6 mill. kroner relaterer seg til oppvekstsektoren og 2,5 mill. kroner til sentraladministrasjonen. Samtidig er det for begge områda teknisk etat og skatt

Avvika innan sals- og leigeinntekter (-2,7 mill. kroner) og renteutgifter (+2,5 mill. kroner) er direkte knytt til pandemien. Inntektssvikten har vore klart mest markant innan kulturområdet. Det kraftige rentefallet førte og til at sjølvkostområda vatn og avløp vart belasta 2,9 mill. kroner mindre i rentekostnader enn budsjettert. Dette var ei sterk medverkande årsak til at sjølvkostområda fekk eit betydeleg overskot i 2020, og det vart sett av nesten 4,1 mill. kroner meir til bundne fond enn budsjettert for desse områda.

Ny kommunelov stiller krav til at det skal gjerast greie for om det er vesentlege avvik frå kommunestyrets premisser for bruken av bevillingane. I investeringsrekneskapen har ein ikkje fått utført investeringsprosjekta i same takt som budsjettet tilseier, slik at det er om lag 60 mill. kroner i unytta investeringsrammer ved nyttår. Om lag halvparten av dette kjem av tomteutbygginga på Skeide. Framdrifta på dette prosjektet har ikkje vore som opphavleg tenkt grunna Covid-19 forseinkingar, samt behov for oppgradering av anbodsdokument og omprosjektering. Generelt

må det i desse tilfella leggast større vekt på å budsjettregulere enn det som har vore praksis tidlegare. I driftsrekneskapen er det ikkje vesentlige avvik ut over at ein ikkje har makta å innfri dei innsparingskrava som vart lagt i økonomiplanen for 2020-2023. Pandemien har naturleg nok ført til ekstra-kostnadar og inntektstap som ein ikkje hadde sett føre seg, men kommunen verker i det alt vesentlege å ha blitt kompensert for dette gjennom auka rammetilskot og andre støtteordningar.

§ 5-6. ØKONOMISK OVERSIKT ETTER ART – DRIFT, ULSTEIN KOMMUNE					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2020	Opphaveleg budsjett 2020	Justert budsjett 2020	Avvik 2020	Rekneskap 2019
DRIFTSINNTEKTER					
Rammetilskot	-228 596	-221 723	-235 802	-7 206	-210 581
Inntekts- og formuesskatt	-276 618	-273 313	-272 434	4 184	-275 730
Eigedomsskatt	-11 790	-13 120	-13 120	-1 330	-13 620
Andre skatteinntekter	-34	-30	-30	4	-34
Andre overføringer og tilskot frå staten	-22 306	-20 824	-21 806	500	-26 856
Overføringer og tilskot frå andre	-108 129	-69 288	-96 975	11 153	-114 262
Brukarterbetingar	-19 958	-20 540	-19 992	-34	-20 876
Sals- og leigeinntekter	-58 329	-61 963	-61 042	-2 713	-60 472
Sum driftsinntekter	-725 759	-680 801	-721 202	4 558	-722 430
DRIFTSUTGIFTER					
Lønsutgifter	332 003	301 007	321 849	-10 154	317 092
Sosiale utgifter	78 307	80 299	82 685	4 377	82 007
Kjøp av varer og tenester	267 709	262 581	266 401	-1 308	265 683
Overføringer og tilskot til andre	20 680	16 896	23 805	3 126	40 099
Avskrivningar	23 025	8 103	23 025	-1	22 650
Fordelte utgifter (2019)	0	-11 154	-5 682	-5 682	-12 166
Sum driftsutgifter	721 724	657 731	712 084	-9 640	715 365
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-4 035	-23 070	-9 118	-5 083	-7 065
FINANSINNTEKTER/FINANSUTGIFTER					
Renteinntekter	-3 194	-2 887	-2 887	307	-4 043
Utbytte	-1 208	-1 500	-1 500	-292	-1 135
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-1 825	-1 500	-1 500	325	-740
Renteutgifter	11 735	14 233	14 233	2 498	10 235
Avdrag på lån	22 867	22 844	22 844	-23	22 005
Utlån (2019)	0	0	0	0	68
Mottatte avdrag på utlån (2019)	0	0	0	0	-127
Netto finansutgifter	28 376	31 190	31 190	2 815	26 263
Motpost avskrivningar	-23 025	-8 103	-23 025	1	-22 650
NETTO DRIFTSRESULTAT	1 315	17	-953	-2 267	-3 452
DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT					
Overføring til investering	0	200	250	250	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	8 539	-267	703	-7 836	553
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-9 854	49	-1	9 853	2 996
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	-98
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-1 315	-17	953	2 267	3 452
FREMFØRT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR (MEIRFORBRUK)	0	0	0	0	0
Kontrollsum art 980	0	0	0		0
Rekneskapsmessig meirforbruk					

Investeringsrekneskapen

Ulstein kommune har i 2020 investert 59,2 mill. kroner i varige driftsmidlar (inklusive momskompensasjon). Dei største investeringsprosjekta i 2020 var:

- ▶ Grunnkjøp/tomteutbygging Skeide 27,7 mill. kroner
- ▶ Vatn og avløp 11,6 mill. kroner
- ▶ Park/uteområde Bjørndalvegen 6,6 mill. kroner
- ▶ Finansiell leasing hjullastar 1,9 mill. kroner
- ▶ Parallelloppdrag Ulsteinvik sentrum 1,8 mill. kroner

§ 5-5. BEVILLINGSOVERSIKT – INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE				
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2020	Opphaveleg budsjett 2020	Justert budsjett 2020	Rekneskap 2019
INVESTERINGSUTGIFT				
Investeringar i varige driftsmiddel	59 248	98 389	120 794	58 196
Tilskot til andre sine investeringar	7 000	0	7 000	345
Investering i aksjar og eigardelar i selskap	5 413	0	5 413	5 288
Utlån av eigne middel	0	0	0	1 121
Avdrag på lån	4 476	0	2 330	7 941
Sum investeringsutgift	76 137	98 389	135 536	72 892
INVESTERINGSINNTEKT				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-4 672	-15 113	-14 445	-1 729
Tilskot frå andre	-9 148	-5 575	-15 805	-5 227
Sal av varige driftsmiddel	-2 022	5 000	-2 019	-744
Sal av finansielle anleggsmiddel	-540	-150	-150	-2 638
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av eigne middel	-3 920	0	0	-1 199
Bruk av lån	-44 848	-86 785	-90 256	-57 833
Sum investeringsinntekt	-65 151	-102 623	-122 675	-69 371
VIDAREUTLÅN				
Vidareutlån	6 627	6 000	12 000	14 909
Bruk av lån til vidareutlån	-6 627	-6 000	-12 000	-14 211
Avdrag på lån til vidareutlån	2 655	0	0	3 783
Mottekne avdrag på vidareutlån	-3 029	0	0	-3 876
Netto utgift vidareutlån	-374	0	0	605
OVERFØRING FRÅ DRIFT OG NETTO AVSETTINGAR				
Overføring frå drift	0	-200	-250	0
Netto avsettingar til eller bruk av bundne investeringsfond	-1 034	0	0	170
Netto avsettingar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-9 578	4 433	-12 612	-4 297
Dekning av tidlegare års udekte beløp	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	-10 612	4 233	-12 862	-4 126
FRAMFØRT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR (UDEKT BELØP)				
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0
OVERFØRING TIL FORDELING (§ 5-5, ANDRE LEDD)				
Inntekter til fordeling	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	71 661	98 389	133 206	64 951
Sum til fordeling (netto)	71 661	98 389	133 206	64 951

Balanse

BALANSEREKNESKAP ULSTEIN KOMMUNE					
	2020	2019	2018	2017	2016
EIGEDELAR					
(A) ANLEGGSMIDLAR					
Faste eigedomar og anlegg	571 099 132	540 990 231	505 320 256	498 744 399	487 922 922
Utstyr, maskinar og transportmidler	46 377 039	45 200 814	49 082 419	27 083 529	23 321 723
Utlån	84 646 619	85 161 405	74 258 500	74 125 840	63 308 941
Aksjar og eigardelar (anleggsmiddel)	78 358 834	73 245 959	67 957 947	78 185 249	76 875 417
Pensjonsmiddel	683 996 367	636 212 137	600 922 810	558 346 839	513 690 637
Sum anleggsmiddel	1 464 477 991	1 380 810 546	1 297 541 933	1 236 485 856	1 165 119 640
Bankinnskot og kontantar	95 492 615	130 074 529	120 218 011	128 850 832	136 186 891
Aksjar og eigardelar (omløpsmiddel)	46 052 423	0	5 282 472	6 387 285	7 936 298
Obligasjonar	0	0	5 111 744	5 065 472	5 007 623
Kundefordringar	15 470 094	22 353 391	21 250 385	12 789 270	12 949 756
Andre kortsiktige fordringar	34 906 448	38 427 607	43 645 841	48 420 052	42 859 396
Premieavvik	34 459 062	34 613 664	29 748 387	27 782 377	27 503 163
Sum omløpsmidlar	226 380 642	225 469 191	225 256 841	229 295 288	232 443 128
SUM EIGEDELAR	1 690 858 633	1 606 279 737	1 522 798 773	1 465 781 144	1 397 562 768
EIGENKAPITAL OG GJELD					
(C) EGENKAPITAL					
Dispositionsfond	-29 601 651	-39 455 736	-36 459 403	-35 755 002	-32 996 070
Bundne driftsfond	-20 129 181	-11 590 015	-11 036 575	-12 062 288	-8 994 971
Ubundne investeringsfond	-32 181 826	-41 759 401	-46 056 147	-46 623 352	-53 755 259
Bundne investeringsfond	-844 407	-1 878 526	-1 708 075	-2 585 600	-3 106 181
Rekneskapsmessig mindreforbruk			-97 534	-325 086	-3 222 202
Kapitalkonto	-168 996 253	-80 493 051	-66 924 982	-29 857 273	-14 587 496
Endring i regnskapsprinsipp drift	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407
SUM EIGENKAPITAL	-247 458 910	-170 882 322	-157 988 309	-122 914 194	-112 367 772
(D) GJELD					
Pensjonsforplikting	-706 592 620	-734 050 907	-702 665 192	-690 747 719	-652 557 037
Sertifikatlån	-427 432 600	-393 683 017	-357 881 220	-343 725 559	-340 251 381
Gjeld til kreditinstitusjonar	-221 864 328	-213 061 241	-211 173 181	-209 655 329	-208 278 543
Sum langsiglig gjeld	-1 355 889 548	-1 340 795 165	-1 271 719 593	-1 244 128 607	-1 201 086 961
Kortsiktig gjeld					
Leverandørgjeld	-18 129 851	-22 134 376	-20 270 057	-20 339 963	-20 476 768
Annan kortsiktig gjeld	-69 639 305	-72 833 697	-71 399 604	-77 031 122	-62 652 141
Premieavvik	258 981	365 823	-1 421 211	-1 367 258	-979 126
Sum kortsiktig gjeld	-87 510 175	-94 602 250	-93 090 872	-98 738 343	-84 108 035
SUM GJELD	-1 443 399 723	-1 435 397 415	-1 364 810 465	-1 342 866 950	-1 285 194 996
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	-1 690 858 633	-1 606 279 737	-1 522 798 773	-1 465 781 144	-1 397 562 768
BALANSEN SIN NETTOSUM	0	0	0	0	0
(E) MEMORIAKONTI					
Unytta lånemidlar	60 406 748	40 476 621	41 101 593	37 498 975	50 553 768
Andre memoriakonti	2 872 374	3 000 610	2 536 552	2 474 308	1 611 080
Motkonto for memoriakontiene	-63 279 122	-43 477 231	-43 638 145	-39 973 283	-52 164 848
SUM MEMORIAKONTI	0	0	0	0	0

Fond

Ved inngangen til 2020 hadde Ulstein kommune om lag 51,0 mill. kroner i fond som kan nyttast til driftstiltak og 43,6 mill. kroner i fond som kan nyttast til investeringstiltak. Per 31.12.20 er dette redusert til 49,7 mill. kroner i driftsfond og 33,0 mill. kroner i investeringsfond. Sjølv om driftsfonda totalt har vorte redusert med berre 1,3 mill. kroner, er det dei bundne driftsfonda som har auka. Dette er fond som ikkje kan disponerast fritt av kommunen, men som er bundne til gitte føremål.

Det er no til dels store positive fond knytt til sjølvkostområdet, sjå tabell til høgre. Dette bør kunne legge til rette for ei moderat prisutvikling i dei kommunale eigedomsgjebyra i tida framover.

	FOND 31.12.2019	OVERSKOT 2020	FOND 31.12.2020
Vatn	1 716 311	1 813 938	3 530 249
Avløp	1 218 746	2 717 697	3 936 443
Feiling	-303 984	445 203	141 219
	2 631 073	4 976 838	7 607 911

Nedgangen i investeringsfonda skuldast først og fremst at kapitalfondet har vorte nytta til å finansiere tilførsel av eigenkapital i Ulstein fjernvarme AS og delfinansiere utbygginga av barneskulen.

	2016	2017	2018	2019	2020
Disposisjonsfond	32 996 070	35 755 002	36 459 403	39 455 736	29 601 651
Bundne driftsfond	8 994 971	12 062 288	11 036 575	11 590 015	20 129 181
Sum driftsfond	41 991 041	47 817 290	47 495 978	51 045 751	49 730 832
Kapitalfond	53 755 259	46 623 352	46 056 147	41 759 401	32 181 826

Tabellen viser utviklinga i driftsfonda og kapitalfondet dei siste fem åra.



Bygginga av ny Ulsteinvik barneskule tok til hausten 2020, og skal stå ferdig til hausten 2021.
Foto: Aage Christensen, UEKF

Pensjon

Etter § 3-5 og § 3-6 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen verte belasta med pensjonskostnader som er rekna utifrå langsiktige føresetnader om avkasting, lønsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadene reknast ut på ein annan måte enn pensjonspremien som betalast til pensjonsordningane, og det vil difor normalt vere forskjell mellom desse to beløpa. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad kallast premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavviket tilbakeførast (amortiserast)

igjen neste år med 1/7 per år for premieavvik oppstått i 2014 eller seinare, 1/10 for premieavvik oppstått i frå 2011 til 2013 og 1/15 for premieavvik oppstått i frå 2002 til 2010. Rekneskapsføring av premieavvik og amortisering av premieavvik har hatt innverknad på netto driftsresultat ved at rekneskapsførte pensjonsutgifter i 2020 er kr. 229.136 større enn faktisk betalte pensjonspremier. Grunna ny lov om offentleg tenestepensjon er dei rekneskapsførte pensjonsutgiftene redusert i forhold til 2019, sjå tabellen under:

PENSJONSUTGIFTER I DRIFTS- OG INVESTERINGSREKNEKAPEN		2020	2019
A	Berekna netto pensjonskostnad	30 432 610	33 905 446
B	Forfalt pensjonspremie (eks. adm.kostnadar)	36 959 597	45 023 999
C	Årets premieavvik (A-B)	-6 526 987	-11 118 553
D	Amortisering av tidlegare års premieavvik	6 756 123	5 288 307
E	Administrasjonskostnad	1 848 843	1 793 522
F	Brutto pensjonsutgift etter premieavvik og amortisering (B+C+D+E)	39 037 576	40 987 275
G	Pensionstrekk tilsette	5 892 089	5 576 237
Årets rekneskapsførte pensjonsutgift (F-G)*		33 145 487	35 411 038

* eks tilskot til sikringsordninga

Den nye lova har og ført til ei vesentleg endring i netto pensjonsforpliktingar, som inklusive arbeidsgjevaravgift har styrka seg med 75,2 mill. kroner i forhold til 2019. Endringa vert ført direkte mot eigenkapitalen, og bidrog sterkt til auken i annan eigenkapital (kapitalkonto). KLP har med bakgrunn i dette varsla om ei tilbakeføring av premiereservar på vel 30 mill. kroner som følgje av at avsetnadskrava til framtidige alderspensjonar er redusert. Om kommunen vel å bruke denne

tilbakeføringa til å betale framtidige pensjonspremier, vil dette redusere premieavviket og dermed pensjonskostnadene på sikt. Premieavviket er tilnærma uendra i forhold til fjoråret, og utgjer 34,7 mill. kroner ved utgangen av 2020.

Ulstein kommune er medeigar i KLP, og har betalt 1 262 875 i eigenkapitaltilskot for 2020.

Konsernet Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF

I vurderinga av kommunen si økonomiske stilling må vi ta omsyn til at eigedomsaktivitetane er organisert i eit eige kommunalt føretak. Skal vi kunne samanlikne oss med andre kommunar, må vi sjå kommunen og føretaket under eitt. Når det gjeld rapportering til KOSTRA vert Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF rapportert som separate einingar, men SSB konsoliderer desse og viser dei på konsernnivå. Konserntala til KOSTRA tek og med kommunen sine eigardelar i Søre Sunnmøre

Reinholdsverk (33,52%), Søre Sunnmøre kommunerevisjon (14,29%), Sunnmøre regionråd (7,14%), Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal (2,60%) og Vest Kontroll (11%). Desse er ikkje inkludert i oppstillingane under. I tabellane under er konserntala for drifts- og investeringsrekneskapen og balansen per 31.12.20. Ulstein Eigedomsselskap legg fram eigen årsrapport til kommunestyret.

§ 5-6. ØKONOMISK OVERSIKT ETTER ART – DRIFT, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF					
Tal i 1 kroner	Konsolidert rekneskap 2020	Opphaveleg budsjett 2020 konsolidert	Justert budsjett 2020 konsolidert	Avvik 2020 konsolidert	Konsolidert rekneskap 2019
DRIFTSINNTEKTER					
Rammetilskot	-228 596	-221 723	-235 802	-7 206	-210 581
Inntekts- og formuesskatt	-276 618	-273 313	-272 434	4 184	-275 730
Eigedomsskatt	-11 790	-13 120	-13 120	-1 330	-13 620
Andre skatteinntekter	-34	-30	-30	4	-34
Andre overføringer og tilskot frå staten	-23 698	-20 824	-21 806	1 892	-28 305
Overføringer og tilskot frå andre	-112 941	-73 084	-103 926	9 015	-117 834
Brukabetalinger	-19 958	-20 540	-19 992	-34	-20 876
Sals- og leigeinntekter	-72 810	-74 792	-73 871	-1 061	-73 394
Sum driftsinntekter	-746 444	-697 426	-740 981	5 464	-740 374
DRIFTSUTGIFTER					
Lønsutgifter	349 533	316 557	338 707	-10 826	333 492
Sosiale utgifter	82 813	85 641	88 245	5 432	86 938
Kjøp av varer og tenester	217 007	209 170	215 700	-1 307	214 531
Overføringer og tilskot til andre	22 965	18 379	25 817	2 852	42 425
Avskrivningar	56 895	8 103	23 025	-33 870	56 603
Fordelte utgifter (2019)	0	-11 154	-5 682	-5 682	-12 381
Sum driftsutgifter	729 213	626 696	685 813	-43 400	721 609
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-17 232	-70 729	-55 168	-37 936	-18 765
FINANSINNTEKTER/FINANSUTGIFTER					
Renteinntekter	-3 286	-3 087	-3 087	199	-4 332
Utbytte	-1 208	-1 500	-1 500	-292	-1 135
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-1 825	-1 500	-1 500	325	-740
Renteutgifter	30 680	33 633	33 633	2 953	29 751
Avdrag på lån	49 712	50 344	49 694	-18	48 621
Utlån (2019)	0	0	0	0	68
Mottatte avdrag på lån (2019)	0	0	0	0	-127
Netto finansutgifter	74 074	77 890	77 240	3 167	72 106
Motpost avskrivningar	-56 895	-8 103	-23 025	33 870	-56 600
NETTO DRIFTSRESULTAT	-53	-942	-953	-900	-3 259
DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT					
Overføring til investering	0	200	250	250	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	8 600	-267	703	-7 897	553
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-8 740	1 009	-194	8 547	2 996
Dekning av tidlegare års meirforbruk	193	0	193	0	-98
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	53	942	953	900	3 452
FREMFØRT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR (MEIRFORBRUK)	0	0	0	0	193
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0		0

Investering, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF

§ 5-5. BEVILLINGSOVERSIKT – INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF				
Tal i 1 kroner	Konsolidert rekneskap 2020	Opphaveleg budsjett 2020 konsolidert	Justert budsjett 2020 konsolidert	Rekneskap 2019
INVESTERINGSUTGIFT				
Investeringar i varige driftsmiddel	117 850	105 584	188 977	61 557
Tilskot til andre sine investeringar	910	0	234	157
Investering i aksjar og eigardelar i selskap	5 491	0	5 413	5 366
Utlån av eigne middel	0	0	0	1 121
Avdrag på lån	8 276	25 000	6 130	7 941
Sum investeringsutgift	132 528	130 584	200 754	76 143
INVESTERINGSINNTEKT				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-10 703	-15 352	-24 306	-609
Tilskot frå andre	-19 900	-32 075	-26 966	-7 194
Sal av varige driftsmiddel	-4 512	5 000	-4 419	-2 699
Sal av finansielle anleggsmiddel	-540	-150	-150	-2 638
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Moteknne avdrag på utlån av eigne middel	-3 920	0	0	-1 199
Bruk av lån	-81 471	-90 050	-131 501	-61 681
Sum investeringsinntekt	-121 047	-132 627	-187 342	-76 020
VIDAREUTLÅN				
Vidareutlån	6 627	6 000	12 000	14 909
Bruk av lån til vidareutlån	-6 627	-6 000	-12 000	-14 211
Avdrag på lån til vidareutlån	2 655	0	0	3 783
Moteknne avdrag på vidareutlån	-3 029	0	0	-3 876
Netto utgift vidareutlån	-374	0	0	605
OVERFØRING FRÅ DRIFT OG NETTO AVSETTINGAR				
Overføring frå drift	0	-200	-250	0
Netto avsettingar til eller bruk av bundne investeringsfond	-1 929	0	-895	-6 661
Netto avsettingar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-9 178	2 242	-12 268	-4 297
Dekning av tidlegare års udekte beløp	0	0	0	10 230
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	-11 107	2 042	-13 413	-728
FRAMFØRT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR (UDEKT BELØP)				
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0
OVERFØRING TIL FORDELING (§ 5-5, ANDRE LEDD)				
Inntekter til fordeling	0			0
Utgifter til fordeling	124 251	105 584	194 624	68 201
Sum til fordeling (netto)	124 251	105 584	194 624	68 201

Konsernet har i 2020 investert 117,8 mill. kroner i varige driftsmidlar (inklusive momskompensasjon). Dei største investeringsprosjekta i eigedomsselskapet i 2020 var:

- ▶ Nybygg barneskulen 33,8 mill. kroner
- ▶ Høddvegen 1/3/5/7 8,8 mill. kroner
- ▶ Ulstein Arena 4,1 mill. kroner
- ▶ Ny brannstasjon 3,7 mill. kroner
- ▶ Kjøp og sal av eigedomar 3,6 mill. kroner

Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF

BALANSEREKNESKAP, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF					
	2020	2019	2018	2017	2016
EIGEDELAR					
(A) ANLEGGSMIDLER					
Faste eigedomar og anlegg	1 690 864 311	1 641 412 678	1 634 174 644	1 716 431 435	1 544 288 069
Utvær, maskinar og transportmidler	143 726 302	138 557 646	146 439 011	28 020 510	24 392 345
Utlån	84 646 619	85 161 405	74 258 500	74 125 840	63 308 941
Aksjar og eigardelar (anleggsmiddel)	79 078 322	73 887 252	68 521 244	78 666 494	77 287 168
Pensjonsmiddel	683 996 367	636 212 137	600 922 810	558 346 839	513 690 637
Sum anleggsmidlar	2 682 311 921	2 575 231 117	2 524 316 209	2 455 591 118	2 222 967 160
Bankinnskot og kontantar	112 851 795	135 376 410	124 140 225	144 557 004	228 348 103
Aksjar og eigardelar (omløpsmiddel)	46 052 423		5 282 472	6 387 285	7 936 298
Obligasjoner			5 111 744	5 065 472	5 007 623
Kundefordringar	19 273 072	25 460 570	23 913 621	18 344 021	15 378 251
Andre kortsiktige fordringar	40 969 571	38 413 386	47 411 821	53 081 275	48 536 565
Premieavvik	34 459 062	34 613 664	29 748 387	27 782 377	27 503 163
Sum omløpsmidlar	253 605 923	233 864 030	235 608 270	255 217 434	332 710 003
SUM EIGEDELAR	2 935 917 844	2 809 095 147	2 759 924 479	2 710 808 552	2 555 677 163
EIGENKAPITAL OG GJELD					
(C) EGENKAPITAL					
Dispositionsfond	-39 333 673	-48 073 963	-45 077 630	-39 302 936	-35 384 004
Bundne driftsfond	-20 189 954	-11 590 015	-11 036 575	-12 062 288	-8 994 971
Ubundne investeringsfond	-33 012 856	-42 190 501	-46 487 247	-47 470 146	-54 602 053
Bundne investeringsfond	-844 407	-2 773 312	-9 434 703	-10 312 228	-7 239 995
Rekneskapsmessig mindreforbruk			-97 534	-1 983 647	-3 222 202
Rekneskapsmessig meirforbruk		192 981			
Udekka investering			10 230 285		
Kapitalkonto	-465 963 549	-361 956 465	-359 822 248	-298 020 874	-237 645 894
Endring i regnskapsprinsipp drift	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407
SUM EIGENKAPITAL	-555 050 032	-462 096 868	-457 431 245	-404 857 712	-342 794 712
(D) GJELD					
Pensjonsforpliktsar mv.	-706 592 620	-734 050 907	-702 665 192	-690 747 719	-652 557 037
Obligasjonslån	-305 024 000	-305 024 000	-305 024 000	-305 024 000	
Sertifikatlån	-893 456 369	-855 843 786	-830 664 438	-840 418 777	-1 245 971 599
Gjeld til kreditinstitusjonar	-363 707 166	-355 215 663	-353 634 093	-352 418 395	-214 431 651
Sum langsiktig gjeld	-2 268 780 155	-2 250 134 356	-2 191 987 723	-2 188 608 891	-2 112 960 287
Kortsiktig gjeld					
Leverandørkjeld	-32 994 450	-24 473 684	-30 740 143	-47 533 789	-34 909 856
Annan kortsiktig gjeld	-79 352 188	-72 756 062	-78 344 158	-68 440 902	-64 033 182
Premieavvik	258 981	365 823	-1 421 211	-1 367 258	-979 126
Sum kortsiktig gjeld	-112 087 657	-96 863 923	-110 505 512	-117 341 949	-99 922 164
SUM GJELD	-2 380 867 812	-2 346 998 279	-2 302 493 235	-2 305 950 840	-2 212 882 451
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	-2 935 917 844	-2 809 095 147	-2 759 924 479	-2 710 808 552	-2 555 677 163
BALANSEN SIN NETTOSUM	0	0	0	0	0
(E) MEMORIAKONTI					
Unytta lånemidlar	66 036 756	50 464 689	41 101 593	44 646 479	141 246 852
Andre memoriakonti	2 872 374	3 000 610	2 536 552	2 474 308	1 611 080
Motkonto for memoriakontiene	-68 909 130	-53 465 299	-43 638 145	-47 120 787	-142 857 932
SUM MEMORIAKONTI	0	0	0	0	0

Økonomiske styringsindikatorar og finansielle måltal

Effektiv drift og god kvalitet på tenestene er ofte konklusjonen på analysar av Ulstein kommune sin tenesteproduksjon. Mellom anna kom kommunen i fjor på ein 8.plass i Kommunal Rapport si årlege rangering i Kommunebarometeret. Akilleshålen til kommunen i slike analysar er likevel svake økonomiske nøkkeltal. Kommunestyret vedtok i mars 2018 fylgjande styringsindikatorar ved budsjettering for å kunne betre dei finansielle nøkkeltala/få ned lånegjelda:

- ▶ Netto driftsresultat skal minimum utgjere 1,75% av driftsinntektene

NETTO DRIFTSRESULTAT I PROSENT AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER			
BELØP I 1000 KRONER	2018	2019	2020
Netto driftsresultat	3 352	3 259	53
Brutto driftsinntekter i alt	702 412	740 374	746 444
I prosent av driftsinntektene	0,48 %	0,44 %	0,01 %
Måltal (1,75%)	12 292	12 957	13 063
Avvik mot måltal	-8 940	-9 698	-13 010

Om netto driftsresultat skal verte brukt som eit måltal for økonomisk handlingsrom og kor stor del av inntektene som kan verte nytta til finansiering av investeringar og oppbygging av eigenkapital, bør det verte korrigert for netto avsetnad til bundne fond. Denne føringa vil i all hovudsak vere ei periodisering av inntektsføringar som allereie er gjort i rekneskapen, og som ikkje kan disponerast fritt. I 2020 var netto avsetnad til bundne fond for konsernet på 8,6 mill. kroner, slik at korrigert netto driftsresultat utgjer -8,5 mill. kroner.

Kommunestyret har registrert at kommunen ikkje har makta å nå dei finansielle måltala, og vedtok følgjande bestilling i budsjettsaka før jul:

«Kommunestyret ser behov for å vedta nye finansielle måltall for Ulstein kommune. Grunnen er at dagens stramme drifts-

- ▶ Driftsfondet skal byggast opp til 7,5% av brutto driftsinntekt
- ▶ Minimum 20% eigenkapital for lånefinansierte investeringar kor driftsinntektene ikkje dekker driftskostnader og renter/avdrag frå første fulle driftsår
- ▶ Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vere på snittet i Møre og Romsdal innan 15 år

Som tabellane under viser for kommunekassa og UEKF, har det vist seg utfordrande å nå desse målsettingane sidan dei vart vedtekne:

DISPOSISJONSFOND I PROSENT AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER			
BELØP I 1000 KRONER	2018	2019	2020
Disposisjonsfond	45 232	48 074	39 334
Brutto driftsinntekter i alt	741 077	742 394	746 444
I prosent av driftsinntektene	6,10 %	6,48 %	5,27 %
Måltal (7,5%)	55 581	55 680	55 983
Avvik mot måltal	-10 349	-7 606	-16 650


situasjon ikkje gir rom for å etterleve dagens krav til resultat, og at dagens handlingsregel knytt til gjeldsutvikling er uklar og ikkje eigna som styringsmål. Nye finansielle måltall bør også omfatte måltall for kommunens driftsfond. Ein slik gjennomgang må også omfatte forventa utvikling i eigedomsskatten.»

Nye finansielle måltal vil difor verte utarbeida slik desse kan tas i bruk til neste års økonomiplan. I denne prosessen må det også verte teke omsyn til at ny kommunelov stiller krav til at den økonomiske utviklinga og stillinga tek vare på den økonomiske handleevna over tid. I tråd med dette er kommunen allereie godt i gang med ein omfattande innsparingsprosess, med brei involvering av politikarar, tillitsvalde, tilsette og innbyggjarar elles.

FOLKETALSUTVIKLING, DEMOGRAFI OG ENDRA UTGIFTSBEHOV


Ulstein kommune har som målsetting å vere ein attraktiv kommune å busette seg i og har gjennom dette ein vekstbasert strategi. Etter ein lang periode med til dels sterkt folketalsvekst,

har denne flata ut i kjølvatnet av offshorekriza (sjå figuren under som viser utviklinga dei siste 15 åra):




Spesielt dei siste 3 åra har folkeveksten vore beskjeden, med ein auke på 20 (frå 8 555 til 8 575 innbyggjarar). Parallelt med

dette har utviklinga i arbeidsløysa gått frå å ligge klart under fylket og landet, til å ligge klart over:




Ulstein kommune har målt mot dei fleste andre norske kommunar unge innbyggjarar. Den demografiske utviklinga i retning av fleire eldre har likevel vore enda meir markant for Ulstein enn for resten av landet dei siste 5 åra. Viss vi ser på sektorfordelt utgiftsbehov i 2016 og 2021 etter inntektssystemet som staten brukar ved utrekning av rammetilskotet, kjem denne tendensen klart fram (figurar til høgre).

Det er spesielt innan helse og omsorg det har vore store negative budsjettavvik dei siste åra. Figurane til høgre gir noko av bakteppet for dette, og etaten fekk tildelt 12,5 mill. kroner i auka ramme for 2021.



Figur øvst til høgre: sektorfordelt utgiftsbehov 2016 for Ulstein etter inntektssystemet

Figur nedst til høgre: sektorfordelt utgiftsbehov 2021 for Ulstein etter inntektssystemet



Finansforvaltning

Ulstein kommune har i 2020 rapportert aktiva- og passivasida til kommunestyret, kvart tertial, samla for både kommunen og eigedomsselskapet. I 2020 har Ulstein kommune nytta Bergen Capital Management som rådgjevarar inn mot låneporføljen. Avtalen med Sydvestor AS som forvaltarar av langsiktige midlar

på aktivasida vart sagt opp i desember 2019, slik at kommunen ved nyttår ikkje var inne i aksjemarknaden. Ny avtale med ODIN Forvaltning AS vart inngått i juni 2020. Avkastinga på midlar til aktiv forvaltning har vore slik i 2020:



ANSKAFFELSESKOST	PORTEFØLJE 01.01.2020	TRANSAKSJONAR 22.6.2020	AVKASTNING 2020	PORTEFØLJE 31.12.2020
Bankinnskot	44 005 178	-44 227 500	308 343	86 021
ODIN Norge B	4 500 000	-	4 500 000	975 775
ODIN Global B	4 500 000	-	4 500 000	571 769
ODIN Norsk Obligasjon B	1 500 000	-	1 500 000	16 270
ODIN Kredit B	1 500 000	-	1 500 000	109 814
ODIN Likviditet A	32 227 500	-	32 227 500	151 295
Totalt	44 227 500	44 005 178	-	2 133 266
				46 138 444

Forvaltningshonoraret til ODIN i 2020 på vel 86 000 kroner er trekt frå avkastinga over.

Likviditet

Likviditetssituasjonen er tilfredsstillende og følger same mønster som fjoråret. Føretaket har lite unytta lånemidlar og avgrensa midlar på fond slik at likviditeten ikkje er på nivå med tidlegare år, men er likevel under god kontroll. I vurderinga av likviditet er det viktig å hugse på at kommunen har avgrensa likviditet

knytt til fond fordi driftsfondet må verte sett i samanheng med premieavviket på nesten 35 mill.kr. Utviklinga av likvide midlar (eks. midlar til aktiv forvaltning og bundne bankinnskot) har vore slik i 2019 og 2020:



Lånegjeld, rente- og refinansieringsrisiko

Brutto lånegjeld for konsernet (eks. momsjustering og finansiell leasing) utgjorde 1559 mill. kroner ved årsskiftet. Den høge lånegjelda gjer at ein veldig stor del av inntektene går med til å dekke renter og avdrag. Ut frå dei førebelse Kostra-tala for 2020 utgjer netto finansutgifter per innbyggjar 3 576 kroner på landsbasis, mot 8 639 kroner for Ulstein kommune. Det betyr at kommunen bruker om lag 43,4 mill. kroner meir på finansområdet enn snittkommunen. Sett opp mot inntektene til kommunen er dette problematisk, og det gir eit avgrensa økonomisk handlingsrom.

Sjølv om Ulstein har svært høg lånegjeld, er det viktig å vere klar over at ein stor del av den renteutsette gjelda er rentesikra. Trekk vi ifrå unytta lånemidlar (66,0 mill.kr.) og utlån (84,6

mill.kr), utgjer netto lånegjeld 1408,4 mill.kr. Justerer vi for lån knytt til sjølvkostområdet (202,8 mill.kr.) og berekningsgrunnlag for rentekompensasjonsordningane (33,0 mill.kr.), er den renteeksponerte gjelda på 1172,6 mill.kr. Om vi i tillegg trekker ifrå rentebærande likviditet, utgjer netto renteutsett gjeld 1125,8 mill.kr. Av dette igjen er 842,9 mill.kr. (74,9 %) rentesikra gjennom enten fastrentelån eller rentebytteavtalar. Netto finanskostnader vil difor auke med om lag 2,8 mill. kroner ved ein renteauke på 1%. Vekta gjennomsnittsrente, marknadsrenter og rentebindingstid går frem av tabellane under:

PORTEFØLJEN OG MARKNADSRENTER PR. 31.12.2020						
VEKTA GJENNOMSNITTSRENTE UK/UEKF	P.T KOMMUNAL-BANKEN	NORGES BANK (STYRINGSRENTE)	3 MND NIBOR	6 MND NIBOR	3 ÅRS SWAP	5 ÅRS SWAP
1,06 % / 1,87 %	0,90 %	0,00 %	0,55 %	0,55 %	0,94 %	1,32 %

ULSTEIN KOMMUNE

INTERVALL	PÅLYDENDE I NOK	RENTEBINDINGSTID	ANDEL	AKKUMULERT ANDEL
Under 1 år	452 451 854	0,22	69,51 %	65,65 %
1 til 2 år	0	0,00	0,00 %	69,51 %
2 til 3 år	51 700 000	2,49	7,94 %	77,45 %
3 til 5 år	146 727 000	4,22	22,54 %	100,00 %
> 5 år	0	0,00	0,00 %	0,00 %
SUM	650 878 854	1,30	100,00 %	

ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP

INTERVALL	PÅLYDENDE I NOK	RENTEBINDINGSTID	ANDEL	AKKUMULERT ANDEL
Under 1 år	263 721 207	0,10	29,04 %	29,04 %
1 til 2 år	246 750 000	1,59	27,17 %	56,21 %
2 til 3 år	-	0,00	0,00 %	56,21 %
3 til 5 år	297 687 000	3,89	32,78 %	88,99 %
> 5 år	100 000 000	8,01	11,01 %	100,00 %
SUM	908 158 207	2,62	100,00 %	

Sertifikatlån (kortsiktige lån med løpetid inntil 12 månadar) utgjer 893,5 mill.kr. (57,3%) av total brutto lånegjeld i konsernet. Måltala for kapitalbinding er 2,61 år i kommunekassa og 0,59 år i føretaket. Refinansieringsrisikoen vert vurdert til å vere liten.

Etatsvise oversikter

SENTRALADMINISTRASJON
HELSE OG OMSORG
OPPVEKST OG KULTUR
TEKNISK



KOMMUNALSJEF ORGANISASJON OG UTVIKLING
MONICA CECILIE TORP

Sentraladministrasjonen

Koronapandemien har gitt oss mange utfordringar i året som har vore. Men framfor alt har det vist oss at vi har ein robust organisasjon med fleksible og løysingsorienterte medarbeidrarar som stadig har tilpassa seg. Koronapandemien har også vore ein katalysator for å ta i bruk nye digitale verktøy for både innbyggjarar, politikarar og tilsette. Dette er endra arbeidsvanar som vil vere med oss også inn i framtida.

MÅL

- ▶ Utvikle ein berekraftig kommune
- ▶ Aktivt bruke teknologi og nye arbeidsmåtar
- ▶ Samskape mellom folkevalde, administrasjon, næringsliv, frivillige og innbyggjarar
- ▶ Gi innbyggjarane gode møte med kommunen
- ▶ Vere ein attraktiv arbeidsgivar og arbeidsstad
- ▶ Ha stabile, kvalifiserte og motiverte tilsette
- ▶ Vidareutvikle ein raus delingskultur
- ▶ Vere opne og gjennomsiktige
- ▶ Legge til rette for sunne og aktive innbyggjarar
- ▶ Involvere og engasjere innbyggjarane
- ▶ Etablere den attraktive staden med urbane kvalitetar og tiltrekkingeskraft
- ▶ Løfte regionen saman med naboane våre

Sentraladministrasjonen har sidan mars vore sterkt involvert i kriseberedskap, rapportering og organisasjonsendringar som følgje av koronapandemien.

I 2020 har vi også gjennomført ein samfunnsanalyse og ei folkehelseoversikt. Dette har vore grunnlagsmateriale til ny kommunedelplan for levekår som skal ut på høyring i 2021. Gjennom Berekraftsfylket Møre og Romsdal har vi også kartlagt berekrafta vår.

Det største prosjektet vårt har vore heiltidskulturprosjekter, som har skapt positive resultat for både tilsette og brukarar og fått nasjonal merksemd.

UTVIKLING AV EI BEREKRAFTIG KOMMUNE

Gjennom den felles regionale satsinga på berekraft i Møre og Romsdal, har vi forplikta oss til å ta del i FN-programmet U4SSC - United for Smart Sustainable Cities. Målet er at satsinga skal bidra til eit koordinert og metodisk krafttak for å nå FNs berekraftsmål innan 2030. Som del av dette programmet har vi kartlagt berekrafta i kommunen på dei tre hovuddimensjonane sosial berekraft, økonomisk berekraft og miljømessig berekraft. Rapporten vil vere klar i 2021.

SUNNE, AKTIVE OG ENGASJERTE INNBYGGJARAR

Samfunnsanalysen og folkehelseoversikta viser at dei fleste i Ulstein trivst og har god helse samanlikna med resten av landet og regionen. Det gode samarbeidet på tvers av kommunale einingar er ein viktig føresetnad for å lykkast med dette. Gjennom felles arbeid med rullering av ny levekårsplan skal vi jobbe for å oppretthalde ei god og sunn folkehelse.

TEKNOLOGI FOR Å LØYSE OPPGÅVER ENKLARE

Ulstein kommune har ei effektiv drift – det viser tal frå både KS, KS Agenda og Kommunal rapport. Det er vi stolte av. Dessverre gjer dette det også meir krevjande

å kunne effektivisere og optimalisere drifta vår for å få ein berekraftig økonomi. Vi trur at meir bruk av teknologi og digitalisering er gode verkemiddel for å kome vidare her.

I 2020 har vi tatt i bruk nye verktøy på den nasjonale IT-plattforma FIKS som er utvikla av KS. Her har vi tatt i bruk ny smittesporingsløsing og ny løsing for bekymringsmelding for barnevernet.

Med koronapandemien og heimekontor såg vi også at behovet for gode digitale kontrolløysingar endra seg. Auka kapasitet til heimekontor, og meir bruk av digitale verktøy. Den digitale modninga blant mange tilsette har også auka mykje. Det har også frigjort tid ved at vi ikkje treng å reise langt, og vi kjem nok ikkje til å gå tilbake heilt til slik det var før.

OPENHEIT OG TRANSPARENS

Openheit og transparens er ein grunnpilar hjå oss. Det gjeld også informasjon om korleis vi har handtert koronakrisa både internt og eksternt. Gjennom aktiv bruk av nettstaden vår og sosiale medium opplever vi at vi har hatt ein god dialog med innbyggjarane.

Koronaen gjorde også at vi har heva kvaliteten på den digitale gjennomføringa av politiske møte. Dette er også med på å auke tilgjengen og interessa for den politiske sida.

Openheit og transparens gjeld også i vanskelege saker. Vi har ei pågående tilsynssak frå statsforvaltaren om betaling for opphold i institusjon. Det er avdekt feil frå kommunen si side i samband med saka og vi gjer eit omfattande arbeid for å avdekke om feila går bakover i tid.

SAMHANDLING, SAMSKAPING OG NYSKAPING

Samskaping og nyskaping kjem til å vere område vi vil gjere meir av i framtida. I 2020 har vi testa ut digitale workshops med SINTEF og lokale verksemder for å finne løysingar for framtida. For å stimulere til nyskaping internt har vi også kåra årets nyskapar etter 10 gode nominasjonar.

Ein viktig samhandlingsarena hos oss er felles politisk-administrative møte. Vi har jobba godt og er heldige som har eit godt samarbeidsklima mellom politisk og administrativ side. Det gode samarbeidsklimaet fordrar at vi er opne og transparente.

Ulstein fekk også næringsfondsmidlar frå fylkeskommunen som har gjort at over 20 lokale verksemder har fått støtte til ulike tiltak som skal motverke konsekvensane av koronapandemien.

MOTIVERTE OG KVALIFISERTE TILSETTE

Vi visste at vi hadde dyktige medarbeidarar før korona. Med koronapandemien viste dei også enorm endringsvilje og fleksibilitet i heile organisasjonen. Av den grunn har vi framleis klart å levere gode tenester til innbyggjarane våre.

Det er spesielt arbeidd med heiltidskultur, og leiarutviklingsprogram er med på å auke kvaliteten både hos dei enkelte medarbeidarane og i tenestene dei gir.

ØKONOMI

Stram økonomisk styring, reduksjon av stillingar og opne vakansar i lag med minimalt med reiser og kurs – har bidrige til eit positivt avvik.

SJUKEFRÅVÆR

Totalt har sjukefråværet gått gradvis ned dei siste åra. Området omfattar også sjukefråvær knytt til lærlingar.

ÅRSVERK	TILSETTE		
29	39		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	31,0	30,0	40,7
Budsjett	36,1	35,5	42,7
Avvik	5,1	5,5	2,0
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	6,98	5,26	4,56

* tal i mill. kroner



KOMMUNALSJEF MARIT BOTNEN

Helse- og omsorgsetaten

Driftsåret 2020 vart sterkt prega av pandemien frå tidleg i mars månad. Vi måtte handtere ein ny kvardag både for bebruarane på sjukeheimen, omsorgsbustadene og brukarar av heimetenester, og samstundes nye utfordringar for alle dei tilsette i heile etaten. Utfordringane som følgje av koronasituasjonen har følgt oss gjennom heile året, og endra seg gjennom sommaren og hausten med dei bølgjene av smitte som kom til å sette sitt preg på regionen vår. Gjennom året har vi lært mykje, ikkje minst gjennom eit nært samarbeid med dei andre kommunane i vår region, og med dei sentrale styresmaktene.

MÅL

- ▶ Satsing på velferdsteknologi
- ▶ Styrking av kompetanse på alle nivå
- ▶ Satsing på brukarmedverknad
- ▶ Tilpassa bustad til alle med særlege helseproblem
- ▶ Mat og måltidsrutinar tilpassa brukarane sine behov
- ▶ Gode pasientforløp
- ▶ Eit aldersvennleg samfunn
- ▶ Tidleg innsats på alle tiltaksområde
- ▶ God integrering gjennom utvikling av møteplassar for alle aldersgrupper
- ▶ Gode på smittevern
- ▶ Satsing på heiltidskultur

Vi har sett i verk nødvendige tiltak for å forebygge smitte. I tillegg har vi, gjennom helsestasjonen, legetenesta, kommune-psykologen og barnevernstenesta, hatt fokus på barn og vaksne som kom til å oppleve isolasjonen som særleg tyngande. Pandemien utfordra oss på å vere nytenkande, finne nye måtar å trygge brukarane våre, sikre kvaliteten på tenestene, styrke leiing og vareta det gode arbeidsmiljøet. Oppsummeringa ved årets slutt er at dette har vi lykkast med.

SATSING PÅ VELFERDSTEKNOLOGI

På alle avdelingane i Helse- og omsorgsetaten har satsing på innovasjon, mellom anna bruk av digitale hjelpemiddel, vorte vidareført. Dette gjeld både digitale løysingar for tilsyn og bistand til brukarar og tverrfagleg samarbeid. Det har i år vore særleg viktig å legge stor vekt på innovasjon for å utnytte ressursane på ein ny måte. Dette handlar om å betre kvaliteten på tenestene for å trygge både brukarane og personalet sin situasjon. Samstundes har det vore særleg viktig å ha fokus på styrking av arbeidsmiljøet og optimal utnytting av etaten sin økonomi. Alle avdelingane har bidrige til dette.

GODE PASIENTFORLØP, BRUKARMEDVERKNAD, HEILTIDS KULTUR OG KOMPETANSEUTVIKLING

Etaten har også gjennom dette året lagt vekt på – og vidareutvikla eit nært samarbeid med andre kommunale tenester og spesialist-helsetenesta gjennom faste samarbeidsforum. Vi har også vidareført satsinga på kvardags-rehabilitering. Vi erfarer at dette tilbodet inneber ei styrking av brukarmedverknad med eit tydeleg fokus på «Kva er viktig for deg?». Integrert i dette har vi gjennom året vidareført ei satsing på heiltidskultur og styrka kompetanseutvikling.

TI PASSA BUSTAD TIL MENNESKE MED SÆRLEGE HELSEPROBLEM

Allereie i fjorårets årsmelding vart det meldt ifrå om at vi står framfor ein auke i talet på eldre, og at det er behov for fleire

omsorgsbustader. Vi har dokumentert eit behov for 45 nye omsorgsbustader innan 2023, og 45 til innan 2027. I løpet av 2020 har planane for vidareutvikling av sentrum kome viktige steg vidare, og vi ser no fram til løysingar der behovet for nye omsorgsbustader vert løyst gjennom den planprosessen som er sett i gang.

MAT OG MÅLTIDS RUTINAR TILPASSA BRUKARANE SINE BEHOV

God ernæring er viktig for god helse, og kjøkkenet har framleis eit særleg fokus på å vekke matglede og matlyst. Flyttinga av middagen til ettermiddag og innføring av eit lunsjmåltid, er framleis godt teke imot. I 2020 har vi også styrka innsatsen frå frivillige organisasjoner gjennom eit eige prosjekt.

ALDERSVENNLEG SAMFUNN

Ulstein kommune legg vekt på å vere eit aldersvennleg samfunn. Vi har også i 2020 hatt ein auka innsats for tidleg oppdaging av demens og tilrettelegging av gode tenester. Kommunen har eit nært samarbeid med Husbanken for å legge til rette gode buløysingar for alle som treng tilpassa bustad.

TIDLEG INNSATS PÅ ALLE TILTAKSOMRÅDE

Vi har høgt fokus på helsefremmende og førebyggande arbeid til alle fødande og småbarnsfamiliar. Helsestasjonen gir tilbod om ulike foreldrerettelingsprogram. Skulehelsetenesta gir også eit lågterskel samtaletilbod til barn og unge, noko som under pandemien har vore viktig for tidleg oppdaging og tidleg innsats. Gjennom helsestasjonen er kommunen også med i Barneblikk, den nasjonale satsinga på tidleg oppdaging av barn med særlege behov. Tidleg hjelpe har i 2020 også vore viktig i all hjelpe til vaksne brukarar, særleg bebuarar i omsorgsbustadene og på sjukeheimen.

INTEGRERING OG MØTEPLASSAR

Vi legg vekt på at generasjonar kan møtast og ha gode opplevingar saman. Vi gir praksiserfaring til personar som treng yrkesfaring og språktrening. I satsinga IPS vert det, ved hjelp av prosjektmidlar frå Helsedirektoratet, tilsett jobbspesialistar som gir hjelpe til menneske med helseutfordringar som hindrar arbeidsdeltaking. Satsinga er vidareført mellom anna gjennom samarbeid med andre kommunar i Sjostjerna.

ØKONOMI

Helse- og omsorgsetaten har samla eit negativt budsjettavvik på 10,2 mill. Dette skuldast blant anna innskjerpingar av ordninga for tenestemottakarar med omfattande tenestebehov. Ressursbruken til avlastning for barn og BPA har auka markant, og utskrivingspraksis frå sjukhus er meir krevjande. Barnevernet hadde eit overskot på 1,9 mill og NAV eit negativt avvik på 1,3 mill. I budsjettet har vi i løpet av året endra praksis slik at kostnader i større grad vert ført ute på einingane.

SJUKEFRÅVÆR

Etaten har også i år hatt eit vedvarande fokus på arbeidsmiljø og oppfølging av sjukmelde. Sjukefråværet var i 2020 9,62%, noko som er akseptabelt med dei utfordringane vi har med korona.

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2018	2019	2020
NETTO RESULTAT*	216,18	291	
Rekneskap	172,3	188,0	203,1
Budsjett	173,5	179,4	192,9
Avvik	1,2	-8,6	-10,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	9,59	8,34	9,62

* tal i mill. kroner



KOMMUNALSJEF GRY NORDAL

Oppvekst- og kulturetaten

Året 2020 var i stor grad prega av pandemien som frå mars av gjorde at tenestene utført innan oppvekst- og kulturetaten vart sterkt råka. Tilsette og leiarar har teke ansvar på ein svært god måte, og vist stor omstillingsevne. Det er særleg grunn for å nemne skulane her, med sin innsats for å gjennomføre undervising med raske skifte mellom ulike tiltaksnivå. Arbeidet med teknologiutvikling som er gjennomført dei seinare åra, har vist seg å kome godt til nytte dette året. Arbeid med ønskt endring og utvikling har også i 2020 stått sterkt i etaten, sjølv om det har vore nødvendig å tone dette arbeidet noko ned dette året.

MÅL

- ▶ Eit samfunn prega av kreativitet, utdanning, læring, kompetanse og kunnskap
- ▶ God samhandling og interaksjon internt og eksternt
- ▶ Eit mangfoldig samfunn der alle kjenner seg inkluderte
- ▶ God brukarmedverknad i tenestene
- ▶ Rom for alle
- ▶ Eit samfunn der det er lov å gjere feil – og vi lærer av dei
- ▶ Open og mottakeleg for nye initiativ, nye idear, og nye utfordrande planar/tankar

BARNEHAGE

Alle barn med rett til barnehageplass, fekk oppfylt denne retten ved hovudopptaket til barnehage i 2020. Det same gjeld for supplerande opptak i løpet av året. Det har også stått ledig nokre få barnehageplassar.

Barnehageområdet har arbeidd vidare med satsing på kompetanseheving og utvikling innan temaet kommunikasjon og språk. Satsinga skjer i samarbeid med dei andre kommunane i Sjøstjerna og Høgskulen i Volda.

SKULE

Målretta arbeid med læringsmiljø og arbeidsmiljø har vore vidareført også i 2020. Skulane oppnådde gode resultat både på nasjonale prøver og i elevundersøkinga. Svært få elevar melder om mobbing i skulen. Periodar med digital heimeundervising og/eller inngripande smitteverntiltak har prega skulane dette året. Utfordringane har vore handtert på ein svært god måte av tilsette i skulane.

Utvikling, endring og implementering knytt til fagfornying og nytt læreplanverk for grunnutdanninga har vorte noko forseinka grunna pandemien. Likevel vert det arbeidd godt med dette i skulane. Eit arbeid med kompetanseheving innan leseopplæring er godt i gang i samarbeid med Høgskulen i Volda og kommunane Herøy og Sande.

Arbeid med nybygget ved Ulsteinvik barneskule er starta opp og i rute.

Skaparhuset, der skulane i Ulstein er aktive medskaparar, opna dørene i august 2020. Skulane nyttar Skaparhuset til undervisningsføremål der digitalisering, teknologi og kreativitet er i fokus.

PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE (PPT)

Avdelinga har særleg arbeidd med å gjere sakshandsaminga meir effektiv, og samstundes ha høg kvalitet i arbeidet der samarbeid på tvers av etatane også er i fokus.

PPT står ansvarleg for gjennomføring av kompetansetiltak innan organisasjonsutvikling i fleire barnehagar, der målet mellom anna er å heve kvaliteten på det ordinære tilbodet gjennom kompetanseheving av personalet i barnehagane.

INKLUDERING OG MANGFALD (IMU)

Talet på busette flyktningar vart betydeleg redusert som følgje av innreiserestriksjonar. Avdelinga har jobba aktivt for å styrke resultata frå introduksjonsprogrammet. Eit viktig samarbeidsprosjekt har vore tilrettelagde kvalifiseringsløp mot fagbrev.

KULTUROMRÅDET

Aktivitet og tenester innan området har i 2020 vore sterkt påverka av tiltak knytt til pandemien. I periodar av året har fleire tenester vore heilt eller delvis stengt. Det har likevel vore sett på som viktig å yte kulturtenester dette spesielle året, og alle høve til å gjennomføre og skape aktivitet har vorte nyttar.

ØKONOMI

Etaten som heilheit kan vise til eit positivt avvik i høve budsjett. Stram kostnadskontroll, i tillegg til minimalt med reiser og kurs grunna pandemien, er hovudårsakene til dette. IMU har større inntekt/mindre forbruk enn budsjettet, kulturavdelinga har vesentleg mindre overforbruk enn fjoråret, og administrasjon oppvekst har positivt avvik. Auka behov for driftstiltak knytt til tenestene er årsak til meirforbruk for nokre avdelingar. Tilskot til ikkje-kommunale barnehagar kjem ut med eit meirforbruk også i 2020. Det er utfordrande å treffe med budsjett for dette området, då premissane for kostnad ikkje er klare ved fastsetting av budsjett.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet i etaten er på eit akseptabelt nivå, og har gått gradvis ned dei siste to åra. Det vert gjort eit godt arbeid i avdelingane for å oppnå dette.

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2018	2019	2020
NETTO RESULTAT*	243,58	281	
Rekneskap	247,7	247,9	245,8
Budsjett	236,5	242,6	248,6
Avvik	-11,2	-5,3	2,8
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	8,20	6,69	6,39

* tal i mill. kroner



KOMMUNALSJEF ARNE RUNAR VIK

Teknisk etat

Arbeid med veg og tekniske anlegg for bustader på Skeide vart starta opp i august. Kommunestyret har bede om ny utgreiing av alternativ lokalisering av gravplass etter at fylkeskommunen fekk medhald frå departementet i si motsegn mot utvidinga på Osnes. Parallelloppdrag som grunnlag for vidareutvikling av Ulsteinvik sentrum vart gjennomført.

Arbeid med utskifting av gamle hovudvassleidningar heldt fram.

Kommunestyret vedtok oppføring av ny brannstasjon i Holsekerdalen etter at prosess for val av entreprenør vart gjennomført i samarbeid med UEKF.

MÅL

- ▶ Effektive og gode planprosessar med brei medverknad
- ▶ Ha kartgrunnlag i nasjonal toppklasse
- ▶ Fortette i sentrum
- ▶ Drive innovasjon i tenesteproduksjon
- ▶ Enkel, trygg og god trafikkavvikling for gåande, syklande og køyrande
- ▶ Verne om miljøet
- ▶ Universell utforming og folkehelse skal vere i fokus
- ▶ Legge fysisk til rette for attraktive møteplassar i uterommet
- ▶ Betre digital kompetanse
- ▶ Utvikle ein variert bustadmarknad med tilbod for alle grupper
- ▶ Ha attraktive møteplassar
- ▶ Ulstein skal vere ein trygg kommune å bu i



Grasklipping i solsteiken framfor Ulstein rådhus. Foto: Svein Arne Orvik

PLAN- OG BYGNINGSAVDELINGA

Plan: Parallelloppdrag for utviklinga av Ulsteinvik sentrum – Ulshaugen - Holsekerdalen vart gjennomført. To arkitektgrupper arbeidde fram kvar sin rapport der dei teikna framtidsbilde av Ulsteinvik, kom med ulike idear og utgreidde korleis kommunen i samarbeid med investorar og andre samarbeidspartnarar kan jobbe for å realisere visjonane.

Byggesak: Jamn aktivitet heile året der det vart teke i bruk 98 nye bueiningar, snittet for dei siste 10 åra er 77.

Geodata og digitale tenester: Felles E-torg for sal av kartdata, nabovarsel, eigedomsinformasjon m.m. vart innført i lag med dei andre sju kommunane på Søre Sunnmøre, og kommunen fekk også på plass tenesta MinEigedom.

ANLEGGS- OG DRIFTSAVDELINGA

Vassforsyning: Det vart lagt nye vassleidningar gjennom rundkøyringa i Brattørakryssset (ved Amfi), ny vassleidning i del av Bjørndalvegen og vassleidning på Ulstein. Der er ikkje registrert avvik i vassforsyninga.

Avløp: Noko nedskalert aktivitet i høve ambisjonane om nyinvesteringar og sanering i vedteken hovudplan.

Veg, grøntanlegg, hamn: Snøfattig vinter gav mindre behov for brøyting/strøying. Godt vedlikehald av grøntanlegga som før.

HAREID OG ULSTEIN BRANNVESEN

Førebyggande og feing/tilsyn: Året vart til dels sterkt prega av restriksjonar på tilsyns- og feieaktiviteten pga. pandemien, men dette framtvinga endringar i arbeidsmåte som medførte overgang til behovsprøvd feing.

Beredskap: 152 registrerte hendingar, 52 i Hareid og 100 i Ulstein. Av desse var 69 reelle aksjonar - sju bygningsbrannar, 15 branntilløp, 15 trafikkkulukker og 11 andre brannar.

ØKONOMI:

Teknisk etat har eit positivt økonomisk avvik på ca. 1 mill. kroner i 2020 der brann har det største bidraget – noko som hovudsakleg skuldast ei vakant administrativ stilling.

SJUKEFRÅVÆR:

Sjukefråværet på 4,4 % er klart høgare enn målsettinga om 98 % nærvær. Hovudårsaka til at fråværet er såpass høgt er at der har vore ei langtidssjukmelding i andre halvår, men det samla fråværet har gått ned i høve til 2019.

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2018	2019	2020
NETTO RESULTAT*	25,94	58	
Rekneskap	28,5	29,1	16,4
Budsjett	27,9	29,1	17,5
Avvik	-0,6	0,0	1,0
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	3,73	7,06	4,39

* tal i mill. kroner

Avdelingsvise oversikter

ØKONOMIAVDELINGA
PERSONALAVDELINGA
SERVICETORG OG DOKUMENTSENTER
PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE
HELSE OG OMSORG – SONE 1
HELSE OG OMSORG – SONE 2
HELSE OG OMSORG – SONE 3
HELSE OG OMSORG – SONE 4
HELSESTASJONSTENESTA
LEGETENESTA
NAV
BARNEVERN
HADDAL SKULE
HASUND SKULE
ULSTEIN SKULE
ULSTEINVIK BARNESKULE
ULSTEIN UNGDOMSSKULE
SUNDGOTMARKA BARNEHAGE
ULSTEIN KULTURSKULE
INKLUDERING OG MANGFALD
KULTURAVDELINGA
PLAN- OG BYGNINGSAVDELINGA
ANLEGGSS- OG DRIFTSAVDELINGA
HAREID OG ULSTEIN BRANNVESEN

KOMMUNEDIREKTØR, KOMMUNALSJEFAR

Kommunedirektør
Verner Larsen



Organisasjon og utvikling
Kommunalsjef
Monica Cecilie Torp



Helse- og omsorgsetaten
Kommunalsjef
Marit Botnen



Oppvekst- og kulturetaten
Kommunalsjef
Gry Nordal



Teknisk etat
Kommunalsjef
Arne Runar Vik

STAB

Økonomiavdelinga
Steinar Nummedal



Personalavdelinga
Kari Riise



Servicetorg og dokumentsentre
Eli Marte Dalhaug

HELSE- OG OMSORGSETATEN

Sone 1 heimetester
Leiar
Heidi Strand



Sone 2 heimetester
Leiar
Gunn Hofset



Sone 3 institusjon/heimetester
Leiar
Gunn Sætre



Sone 4 institusjon
Leiar
Gunn Helen Hauge Muren



Helsestasjonstenesta
Leiar
Kristin Meli



Legetenesta
Leiar
Norunn Kirkebø Elde



Nav
Leiar
Alexander Måseidvåg



Barnevern
Leiar
Aina Øyehaug Opsvik

OPPVEKST- OG KULTURETATEN

Skulesjef
Vegard Sæter Gurskevik



Haddal skule
Leiar
Vibeke Vigestad Berge



Hasund skule
Leiar
Marianne Ulstein Johnston



Ulstein skule
Leiar
Synnøve Haug



Ulsteinvik barneskule
Leiar
Karen Strand



Ulstein ungdomsskule
Leiar
Tor Arne Aasen



Sundgotmarka barnehage
Leiar
Nora Wingsternes



Pedagogisk-psykologisk teneste
Leiar
Ingrid Evebø Haug



Ulstein kulturskule
Leiar
Julianne Hauge



Inkludering og mangfold
Leiar
Lars Erling Bjåstad Hovlid



Kulturavdelinga
Leiar
Leif Ringstad

TEKNISK ETAT

Plan- og bygningsavdelinga
Leiar
Anita Sundnes



Anleggs- og driftsavdelinga
Leiar
Odd Kåre Wiik



Hareid og Ulstein brannvesen
Leiar
Olav Helt Brubakk



Økonomiavdelinga

LEIAR: STEINAR NUMMEDAL

Også for økonomiavdelinga vart 2020 prega av pandemien, med ekstra rapporteringskrav og behov for kartlegging av meir- og mindrekostnadane. Heimekontorløysing har vorte nytta i dei tilfella dette har vore føremålstenleg, men for deler av tenesteproduksjonen er det klart mest effektivt å jobbe frå arbeidsplassen.

Vi har kontinuerleg fokus på automatisering av arbeidsprosessar og auka kvalitet på økonomiarbeidet som vert gjort. Eit døme er talet på EHF-fakturaer, som har auka frå 31 % i 2015 til 83 % i 2020. Vidare har vi automatisert innlesing av kundeinnbetalinger og digitalisert prosessane knytt til utfakturering, lagring og bokføring av bilag. Prekontering vart innført i 2020 for straumleverandørane og kommunale gebyr, og det vert jobba med å utvide dette. Avdelinga har og hatt eit sterkt fokus på å bidra til god internkontroll i kommunen.

Avdelinga vart saman med UEKF og omsorg nominert til årets nyskapar 2020 for arbeidet med å flytte omsorgskontraktar frå omsorg til UEKF.

ØKONOMI

Det positive avviket skuldast svært stram økonomistyring og reduksjon av tilsette.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet ved stabseiningane vert rapportert samla under sentraladministrasjonen.

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2018	2019	2020
NETTO RESULTAT*	3,8	4,3	4,4
Rekneskap	3,9	4,3	4,8
Budsjett	0,1	0,0	0,4
SJUKEFRÅVÆR I %	5,6	6	6
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon		

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ held oss oppdaterte på ny teknologi og fagsystem
- ▶ syter for å vere serviceinstilte og imøtekommende mot kundar og brukarar av tenestene våre
- ▶ sikre berekraftig økonomi gjennom god finans- og økonomiforvaltning
- ▶ gjennom samarbeid med leiariane i organisasjonen syte for kvalitet i arbeidet med målstyring og rapportering

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2018	2019	2020
NETTO RESULTAT*	5	5	5
Rekneskap	3,6	3,6	3,5
Budsjett	3,5	3,7	3,7
Avvik	-0,1	0,1	0,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon		

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ held oss oppdaterte og sikrar god kompetanse på lover, regelverk, bruk av digitale verktøy og formidlar dette vidare ut i organisasjonen
- ▶ sikrar god og rett samhandling med tillitsvalde og verneombod
- ▶ i samspel med AMU, NAV og bedriftshelsenesta, utarbeider vi rutinar, mål og tiltak for å førebygge og redusere sjukefråvær og skader i heile organisasjonen
- ▶ tek overordna ansvar for å initiere og koordinere arbeid med heiltidskultur, leiaturvikling, avvikshandtering og innføring av e-læringsportal



Personalavdelinga

LEIAR: KARI RIISE

Annleisåret har påverka personalavdelinga med meir kartleggingsarbeid, deltaking i kriseteam, organisering og omorganisering av arbeid og utarbeiding og formidling av oppdaterte retningslinjer for tilsette. Også arbeid med avtalar som sikra legevakt, testing og kontroll har teke mykje tid. Stabil bemanning, færre reisedagar og avlyste arrangement har gjort at vi likevel har greidd å levere om lag som normalt på våre primærøppgåver.

Personalavdelinga har hatt ei leiande og koordinerande rolle i arbeidet med heiltidskultur og i leiaturviklingsprogrammet. Permisjonsreglement, rutine for konflikt-handtering og reglement og innkjøpsavtale for briller vart revidert og effektuert. Årets lokale lønnsforhandlinger vart gjennomført utan brot.

Verksemどoverdraging av Almejordet barnehage gjeldande frå 01.01.2021, vart førebudd med informasjonsmøte, arbeidsavtalar og samhandling hausten 2020.

Både i enkeltsaker og i organisatoriske spørsmål har vi god nytte av å ha ein open og tett dialog med tillitsvalde. Det er innført faste møte mellom personalleiar og hovudverneombod i tillegg til dei etablerte samhandlingsmøta med hovudtillitsvalde.

ØKONOMI

Stram økonomistyring og avlyste arrangement har gitt positivt resultat.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet for stabseiningane vert rapportert samla under sentraladministrasjonen.

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2018	2019	2020
4,73	6		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	3,4	4,1	3,3
Budsjett	3,6	3,7	3,8
Avvik	0,2	-0,4	0,5
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon		

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ forbetre innbyggarkontakt ved hjelp av enkel sjølvbetening
- ▶ utvide innsynsløysninga vår for meir openheit
- ▶ vidareutvikle sak- og arkivsystemet, og bidra aktivt i det interkommunale arkivsamarbeidet
- ▶ vere pådriverar til ei fulldigital og meir effektiv saksbehandling
- ▶ auke kompetansen vår innan personvern og sikker dokumentforvaltning



Servicetorg og dokumentsentre

LEIAR: ELI MARTE DALHAUG

Vi har hatt fleire prosjekt innan arkiv. Ny versjon av Acos WebSak skulle på plass i mars. Helsestasjonane fekk ny versjon av HsPro med arkivkjerne og SvarUt, og feiarane fekk arkivintegrasjon med KomTek. Mykje arbeid vart lagt ned rundt klargjering av uttrekk av ePhorte til Documaster. Digitale byggesøknader og Fiks-plattforma kom på plass siste del av året.

Arbeidet med ny eigenprodusert arkivplan vart starta, og bevarings- og kassasjonsplan ferdigstilt.

Slike prosjekt krev mykje tid og ressursar og vi er avhengig av det gode interkommunale fagsamarbeidet.

Koronapandemien førte til ei stenging av rådhuset, og vi tok tilbake eige sentralbord i ein periode. Eininga måtte innføre nye rutinar for publikumsmottak og strengare besøkskontroll. Dette vil verte utvikla vidare.

Oppgraderinga av WebSak vart utsett grunna pandemien. Denne førte til ein del trøbbel, og det vart ei hasteoppgradering til ny versjon i starten av desember.

IKA MR besøkte oss for ei ny synfaring av historisk arkivmateriell, og for vidare planlegging av arbeidet som står att.

I starten av året vart ein tilsett i 50% ved teknisk etat overført til eininga. Ein tilsett gjekk av med pensjon i slutten av juni, og ein ny tilsett i eit engasjement kom på plass frå august.

Vi har hatt eit godt samarbeid med Furene med fleire inne til arbeidstrening.

I slutten året fekk vi lyst ut stilling som arkivleiar.

ØKONOMI

Positivt avvik skuldast reduksjon av tilsette og stram økonomisk styring.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet for stabseiningane vert rapportert samla under sentraladministrasjonen.



Pedagogisk-psykologisk teneste

LEIAR: INGRID EVEBØ HAUG

Ulstein kommune er vertskommune for PPT i eit samarbeid med Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta. PPT gir teneste til 75 einingar i dei fire kommunane. Fylkeskommunen, med til saman tre vidaregåande skular, kjøper tenester hjå PPT.

Vi gjennomfører tiltaksmøte, deltek meir i tverrfagleg samarbeid og samarbeider med einingane om å gi bistand. Målet er at PPT skal vere fagleg kompetent, vere tilgjengeleg og medverke til heilskap og samanheng, arbeide førebyggande, og i tillegg bidra til tidleg innsats for barn og unge.

PPT arbeider mest på individnivå og skriv sakkunnig vurdering der lova krev det, men vi ser og meir etterspurnad etter kompetanseheving. PPT har mellom anna hatt kompetanseheving i lesing, mobbeåtfurd, klasseleiing, autoritativ leiing, psykisk helse, tilpassa opplæring for elevar med ADHD og Asperger syndrom. Mange barnehagar er med i ei satsing på organisasjonsutvikling, der målet mellom anna er å heve kvaliteten i det ordinære

tilbodet og gi kompetanseheving til dei vaksne som arbeider der. Hareid kommune og PPT er med i ei satsing initiert av Udir, kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

ØKONOMI

PPT har eit negativt avvik på 0,3 i 2020. Det var ei ned justering av budsjett i løpet av året, frå 3,6 til 3,3. PPT har eit meirforbruk i hovudsak på grunn av to utgiftspostar. Lisensar som var på 225 344, dette var budsjettert med 25 000 og kjøp frå eigne føretak/reinhald som vart på 120 488, dette var budsjettert med 60 000.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet i 2020 var på 6,78 %. Dette er noko høgare enn målsettinga på inntil 5 %, men likevel akseptabelt, og tydeleg redusert samanlikna med både 2018 og 2019.

ÅRSVERK	TILSETTE*		
	2018	2019	2020
19	22		
NETTO RESULTAT**	2018	2019	2020
Rekneskap	3,4	3,5	3,6
Budsjett	3,7	4,1	3,3
Avvik	0,3	0,6	-0,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	10,32	12,59	6,78

* interkommunalt ** tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ fyl lovkrava og kvalitetskriteria
- ▶ samarbeider på ulike nivå, to eigarmøte i året, fast deltaking på rektormøte og styrarmøte i nesten alle kommunar. Tiltaksmøte på leiarnivå
- ▶ delta i ulike overordna satsingar i kommunane
- ▶ arbeide med organisasjonsutvikling og kompetanseheving for å heve kvaliteten i det ordinære tilbodet
- ▶ innarbeide gode rutinar for samhandling internt og eksternt
- ▶ tydeleg bestilling, effektiv, føreseieleg og god sakshandsaming
- ▶ meir tverrfagleg samarbeid



Helse og omsorg – Sone 1

LEIAR: HEIDI STRAND

Koronapandemien har vore krevjande pga. opplæring av tilsette og smitteverntiltak, men vi har klart å gi naudsynt helsehjelp til alle.

Velferdsteknologi: Vi har tatt i bruk 15 «Evondos» medisindispenserar i heimesjukepleia. Dette har spart 11 712 tilsyn/besøk i 2020. Brukaren er meir sjølvhjelpt og dette er framtidsretta og berekraftigete tiltak for tenesta.

Oppfølgingsteamet vart lagt ned i 2020 på grunn av manglande finansiering – dei brukarane vi hadde vart overført til teneste innan psykisk helse og rus. Vi hadde gode erfaringar med prosjektet.

«Det gode pasientforløpet» er ei kvalitetsreform vi innfører i helse- og omsorgstenestene. Framdrifta i dette arbeidet stoppa litt opp, men er ein modell vi satsar vidare på.

Kontorfasilitetane er framleis därlege, men bilordningane har vorte betre, då vi fekk fleire nye bilar i 2020.

ØKONOMI

Budsjett i balanse pga korrigering av rekneskap/ budsjett og endra praksis ved at kostnader er ført ut på sonene frå august mnd.

SJUKEFRÅVÆR

Har gått opp i høve til tidlegare år grunna stort press på heimetenesta og ein del koronarelatert fråvær.

ÅRSVERK	TILSETTE		
35,43	57		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	27,6	33,1	41,8
Budsjett	27,9	33,3	42,5
Avvik	0,3	0,2	0,7
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	8,69	10,41	11,85

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ fleire velferdsteknologiske løysingar, m.a. digitale tryggleiksalarmer, e-lås og ulike smarte digitale hjelpemiddel i heimane
- ▶ oppfølgingsteam for menneske med nedsett funksjonsevne. Tilsette psykolog. Kvardagsrehabilitering som ein integrert del av tenestene
- ▶ god tverrfagleg samhandling og gode pasientforløp – deltaking i nasjonalt program
- ▶ arbeide for betre kontorfasilitetar innan psykisk helse og rus og heimesjukepleia
- ▶ meir formålstenleg bruk av Skollebakken. Betre bilordningar for dei tilsette

ÅRSVERK	TILSETTE		
69,23	92		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	46,3	52,5	57,1
Budsjett	45,9	51,4	54,3
Avvik	-0,4	-1,1	-2,8
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	12,26	8,77	9,56

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ halde fram med å utvide/utvikle teknologiske løysingar i takt med behovet
- ▶ omgjering av stillingsheimlar til sjukepleiar/vernepleiar for å kunne møte endra behov
- ▶ lage trivelege måltid med god ernæring og nydeleg matlukt på husa våre
- ▶ ved fellesmåltid: tilby to varme måltid per dag, middagen vert flytta til seinare på ettermiddagen
- ▶ endre og tilpasse turnusane med omsyn til endring av måltid
- ▶ halde fram med å ta godt imot lærlingar, studentar, elevar, språk- og arbeidspraksiskandidatar
- ▶ halde fram med samarbeid og sambruk av lokalitetar og skape felles møteplassar/arenaer



Helse og omsorg – Sone 2

LEIAR: GUNN HOFSET

Koronapandemien: Det er brukt mange ressursar på planlegging og iverksetting av nødvendige tiltak inn mot både personale og brukarar.

Velferdsteknologi: Det har vorte jobba med DPIA, ROS-analyser, prosedyrepermar til personalet, og det er planlagt nytta alarmanlegg på Alvehaugen og Holekerdalen. Sone 2 har i bruk 19 RoomMate, tre Somnofy, fire GPS til brukarar, seks valdsalarmer til personale, åtte memoplanner til brukarar, og ein Tovertafel på dagsenter for menneske med utviklingshemming. E-rom til personale vart innført i 2020, i tillegg til Milla Says. Bruk av RoomMate på omsorgsbustadane gir ei innsparing i form av at teknologi erstattar to stillingar på natt. Velferdsteknologi reduserer også behov for institusjonsplassar. Teknologien gir likevel trygge tenester av god kvalitet.

Heiltidskultur: Vi har fått til fleksible turnusordningar som er individuelt tilpassa den enkelte arbeidstakar. Dette forbetrar kvalitet og kontinuitet på tenester. Ved å kunne tilby heiltid har vi fått fleire tilsette

med fagutdanning og god kompetanse.

Trivsel: Fokuset er individuell omsorg og at dei eldre skal få bu i omsorgsbustad lengst mogleg. Vi har jobba målretta med trivsel rundt måltid – matlukt, to varme måltid om dagen og bygging av sosiale relasjonar rundt bordet. Pandemien har gjort sambruk av lokalitetar og møteplassar vanskeleg. I staden har vi prøvd å lage sosiale samlingar for den enkelte avdeling og tatt aktivt i bruk streaming av konserter, kyrkjelege samlingar m.m. Det vart sett opp tre iPads som vi har brukt til videosamtalar mellom brukarar og pårørande.

ØKONOMI

Avd. avlastning barn har hatt eit auka behov. Sona har mange ressurskrevjande tenestemottakarar og vi fekk ein ny mot slutten av året som treng 2:1 bemanning, dvs. 4,7 stillingsheimlar.

SJUKEFRÅVÆR

Fråværet er nokolunde det same som i fjor. Det har vore meir sjukdom i samband med koronapandemien.

ÅRSVERK	TILSETTE		
34,18	49		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	23,7	26,7	35,5
Budsjett	24,4	26,8	33,5
Avvik	0,7	0,1	-2,0
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	11,02	7,32	9,88

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ ta i bruk velferdsteknologi; RoomMate og Somnofy
- ▶ auke sjukepleiardekninga
- ▶ legge til rette for gode møteplassar på Alvehaugen for barn og eldre
- ▶ aktivitetar knytte til musikk og trening for å stimulere, aktivisere og auke livsgleda
- ▶ avdelingane skal ha praksisplassar for minoritetsspråklege som treng språk- og arbeidspraksis



Helse og omsorg – Sone 3

LEIAR: GUNN SÆTRE

Velferdsteknologiske hjelpemiddel som RoomMate og Somnofy er godt integrert. Særskilt på natt er dette eit godt hjelpemiddel, både som varsling og for å sikre bistand til rett tid for dei som ikkje kan varsle sjølv. Vi har i bruk 11 RoomMate og 10 Somnofy.

Sone3 har jobba med heiltidskultur med fokus på kontinuitet og kvalitet. G og HI starta med langvakter på helg i februar 2020 for å redusere talet på småstillingar og for å få fleire opp i 100%-stillingar, og for å sikre betre sjukepleiardekning. Talet på personar i 100% stilling auka frå tre i 2017 til 11 i 2020. Inkludert ressursbanken vart talet på 100%-stillingar 19 tilsette i 2020.

Koronaen gjorde at det å legge til rette for aktivitetar og møteplassar måtte endrast i tråd med smittevernrutinar. Hausten 2020 søkte vi om prosjektmidlar for å kunne

førebygge einsemd og stimulere til aktivitet blant beburane. Avdeling G måtte riggast for drift med koronasmitte og opplæring på smittevern. Endring av rutinar og drift har vore krevjande for alle einingar.

ØKONOMI

Endra praksis frå august 2020 slik at kostnader i større grad er ført ut i einingane. Dette gjer at tala frå tidlegare budsjettår ikkje vert heilt rette å samanlikne med. Avviket skuldast lønsutgifter, men det har ikkje vore auke i stillingar på avdelingane.

SJUKEFRÅVÆR

Høgare sjukefråvær i 2020 i høve tidlegare år, mykje knytt til helseplager grunna graviditet og fråvær knytt til korona.



Helse og omsorg – Sone 4

LEIAR: GUNN HELEN HAUGE MUREN

Bruken av RoomMate er godt implementert i avdelingane, bruken har auka, og han er eit godt hjelpemiddel i å yte individuelt tilpassa teneste til beburane. Avdelingane arbeider miljøretta og med personsentrert omsorg. Det er godt samarbeid på tvers av avdelingar og profesjonar med overføring av erfaringar og kompetanse. Det vert gitt tilbod om individuelt tilpassa aktivitetar, og måltidsopplevingar. Grunna koronapandemien har det vore færre i språk- og arbeidspraksis, elevar og studentar enn tidlegare.

Natt-teamet har eit stort og samansett ansvarsområde. Dei arbeider godt på tvers i etaten.

Kjøkkenet har stor aktivitet. Evalueringa etter omlegging av middagstidspunktet og innføring av varm lunsj er positiv. Dei har fokus på næringsrike måltid og råvarer knytt til årstidene.

Vaskeriet har i 2020 hatt ein stor auke i arbeidsmengd. Dette som eit resultat av at fleire starta å nyte arbeidstøy som ein følge av koronapandemien.

ØKONOMI

Endra praksis frå august 2020, slik at kostnader i større grad er fordelt ut på einingane. Dette gjer at tala frå tidligare år ikkje vert heilt rett å samanlikne med.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet har gått litt opp. Sjukefråværet er i hovudsak ikkje arbeidsrelatert. Har vore ein del sjukefråvær knytt til korona. Har fokus på tett dialog og tilrettelegging.

ÅRSVERK	TILSETTE		
49,08	90		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	28,9	30,8	32,2
Budsjett	28,6	31,3	32,0
Avvik	-0,3	0,5	-0,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	10,32	9,85	10,99

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ ta i bruk RoomMate
- ▶ samarbeide betre på tvers av profesjonar og avdelingar, nyte rett kompetanse på rett plass
- ▶ tilby daglege aktivitetar, individuell omsorg, gode måltidsopplevingar – fire næringsrike måltid per dag med individuell tilpassing
- ▶ positive til initiativ og tilbakemeldingar frå både kollegaer, frivillige, pårørande og beburuar
- ▶ vere positive til, og vere gode rollemodellar for elevar, studentar og personar i språk- og arbeidspraksis



Helsestasjonstenesta

LEIAR: KRISTIN MELI

Helsestasjons- og skulehelsetilbodet har vore drifta etter plan og målsetting, trass korona.

Har gitt tilbod om oppfølging/tilgjenge til alle barn frå svangerskap til og med vidaregåande skule.

Vi har vore tilgjengeleg med opne dører og pr. telefon.

Vi har halde brukarane informert om tilbodet og om korleis dei skal nå oss – via sosiale medium.

Vi stod for all koronatesting fram til 1. september.

Har gitt tilbod om kurs i ulike foreldre-rettelingsprogram til alle foreldre.

Dei nasjonale midlane gjer at helsestasjonen har høve til kompetanseheving. Fire har starta på ulike vidareutdanninger.

Vi har fokus på det tverrfaglege, og har i 2020 både fysioterapeut, foreldrerettleiar og ernæringsfysiolog, i tillegg til grunnbemanninga.

Oppstart av Barneblikk saman med Helse Møre og Romsdal.

Fullført full digitalisering av alle helsestasjonane i Sjustjerna.

BTI er no klar for implementering.

ØKONOMI

God økonomisk kontroll.

SJUKEFRÅVÆR

Auke grunna ei langtidssjukmelding.

ÅRSVERK	TILSETTE		
14,63	20		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	7,4	7,8	7,7
Budsjett	8,2	8,6	7,9
Avvik	0,8	0,8	0,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	3,58	5,36	7,85

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ likeverdig helsestasjons- og skulehelsetilbod til alle barn i kommunen
- ▶ tilby utoverretta tenester – nå målgruppene der dei oppheld seg, t.d. på skulane
- ▶ fokus på psykisk helsearbeid blant barn og ungdom, individuelt- og gruppetilbod
- ▶ fokus på å avdekke/førebyggje vald, psykisk sjukdom og rus hos gravide og småbarnsforeldre
- ▶ kome tidleg inn og tilby foreldre-støttande tiltak til dei som har behov for å styrke foreldrefunksjonen
- ▶ starte implementering av den nasjonale satsinga Barneblikk

ÅRSVERK	TILSETTE		
2,4	5		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	13,3	15,0	17,8
Budsjett	12,6	13,3	17,9
Avvik	-0,7	-1,7	0,1
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	Ikkje med pga. storleik		

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ utvikle godt tverrfagleg samarbeid i alle delar av helse- og omsorgstenesta
- ▶ fortsette å vidareutvikle det gode samarbeidet med fastlegane ved Ulstein legesenter
- ▶ arbeide vidare med å utvikle legevaka vår for ei best mogleg teneste for innbyggjarane våre. Legevaka skal også gi støtte til omsorgstenesta vår
- ▶ kommuneoverlegen skal vere ein tydeleg medisinfagleg rådgjevar i saker som påverkar folkehelsa. Saman med smittevernlegen vere lett tilgjengeleg for rådgiving innan smittevern



Legetenesta

LEIAR: NORUNN KIRKEBØ ELDE

Koronapandemien har prega store deler av det siste året innanfor arbeidet i helse og omsorg. Vi har verkeleg fått kjenne på kor viktig samarbeid på tvers av etatar og avdelingar har vore. Med hjelp av kommunale ressursar har legesenteret halde ope gjennom heile pandemien. Legevaka vart forsterka og vi fekk leasa eigen legebil til bruk på legevakt. Det vart brukt ekstra ressursar på å styrke legetenesta på legevakt, noko som auka tryggleiken også innan omsorg. Vi erfarte at legevaktssamarbeidet som vi har i dag med Hareid, ei rimeleg lita legevakt, var og er ei god ordning for innbyggjarane i Ulstein. Det gir stor nærleik til- og lett tilgang på legetenesta. Når det gjeld nattlevgevakt så er det eit samarbeid med seks kommunar i Sjustjerna med lokalisering i Hovdebygda. Denne er også forsterka med ambulansearbeidar og legebil. Her er det no samlokalisasjon med legevaksformidlinga for heile Sjustjerna.

Som kommuneoverlege har eg dette året brukt mykje tid på smittevern arbeid. Det har vore eit svært godt samarbeid med

industrien og næringslivet generelt. I tillegg har eg lagt vekt på å vere tilgjengeleg for dei andre kommunale tenestene. Samhandling innan Sjustjerna og med helseføretaket har også hatt ei svært positiv utvikling med regelmessige digitale møte.

ØKONOMI

Rekneskapet går i balanse. Det har i år vore auka utgifter til legeteneste, legevakt og teststasjon pga. pandemien. Dette er kompensert av koronamidlar. M.a. har personell frå oppvekst og kultur vorte omdisponert til vakter på legesenteret på vårparten.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet er ned mot null. Berre LIS legen og kommuneoverlegen har fulle fastlønna stillingar. Det er fleire administrative deltidsstillingar men null fråvær her også. Elles er fastlegar, fysioterapeutar og veteranerar sjølvstendig næringsdrivande.

ÅRSVERK	TILSETTE		
35,8	39		
NETTO RESULTAT	2018	2019	2020
Rekneskap	13,8	12,0	11,2
Budsjett	14,3	9,5	9,9
Avvik	0,5	-2,5	-1,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	-	3,7	3,3

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ tilby tilrettelagde kvalifiseringsstiltak til dei som treng det for å kome i arbeid
- ▶ styrke kvaliteten i den arbeidsretta oppfølginga. Jobbspesialistane over i faste stillingar
- ▶ styrke samarbeidet med næringslivet ytterlegare



Nav

LEIAR: ALEXANDER MÅSEIDVÅG

I 2020 har NAV Hareid-Ulstein-Sande etablert samarbeid med NAV Herøy og Vanylven om tenesta individuell jobbstøtte, som er eit samarbeid mellom NAV og psykisk helse- og rusteneste i kommunane. Hareid kommune er vertskommune for samarbeidet, og frå tidlegare er NAV Ørsta/Volda med i samarbeidet, tillegg til Helseføretaket. Det vart også etablert samarbeid med NAV Herøy og Vanylven om tiltaket Utvida oppfølging. Totalt har vi hatt 12 jobbspesialistar i 2020.

Samarbeidet med Mafoss og avdeling for inkludering og mangfold i Ulstein kommune om kvalifiseringsløp til industrimekanikar og helsefagarbeidar er vidareført. I tillegg jobbar vi med å få til nye læreløp i samarbeid med andre delar av næringslivet.

Det har vore eit utfordrande år med tanke på koronapandemien, men kontoret har klart å levere gode tenester og vore tilgjengeleg både digitalt og fysisk for dei som treng det mest. Det har vore gitt omfattande

bistand til bedrifter i samband med permitting, nedbemannning og ved behov for arbeidskraft. Kontoret har vore styrka med tre mellombelse stillingar på grunn av auka arbeidsløyse.

ØKONOMI

NAV hadde eit overforbruk på 1,3 mill. kroner. Dette utgjer ein reduksjon på 1,2 mill. i høve til året før. Det er lågare forbruk av økonomisk sosialhjelp - der noko av forklaringa er ei målretta satsing på kvalifiseringsløp, utvida oppfølging og andre tiltak for dei som står lengst unna arbeid.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet i 2020 var 3,3 % samla for statlege og kommunalt tilsette i Nav Hareid-Ulstein-Sande.



Barnevern

LEIAR: AINA ØYEHaug OPSVIK

Helsenysnet starta opp eit landsomfattande tilsyn med temaundersøkingar i 2020. Endeleg rapport konkluderte med at det var manglar i planlegging, gjennomføring og avslutning av undersøkingar. Tenesta har arbeidd målretta med å rette opp manglane.

Tenesta har vore i nemnd og rett 27 gongar i 2020. Fire av desse gjaldt sak vedkomande born frå Ulstein.

Barnevernsvakt for Sunnmøre vart etablert des 2019 med Ålesund som vertskommune. Tenesta har mottatt 10 meldingar vedkomande barn frå Ulstein i 2020.

Tenesta har møtt barn og familiar i heile koronaperioden i samsvar med smittevernråda. Det har vore utfordrande med heimekontor. Vi har nytta personalmøte og videomøte til faglege samlingar, og har vorte dyktige på dette.

Våren 2020 tok tenesta imot om lag same tal meldingar som året før. Hausten fekk vi ein kraftig auke. Oktober og november 2020 fekk vi 145 meldingar mot 80 året

før. For Ulstein vart tala 28 i 2020 mot 11 året før. Mange av meldingane gjaldt vald, konflikt og rus.

Tenesta har fokus på å bu seg på barnevernsreforma som vert sett i verk i 2022, og har dette som tema internt og overfor eigalarar og samarbeidspartar.

ØKONOMI

Ulstein kommune har over tid hatt nokre kostnadskrevjande saker. Nokre av dei kostnadskrevjande sakene er no avslutta og vi har i stor grad gått vekk frå å kjøpe tiltak frå private aktørar, og nyttar i staden eige familieteam. Dette er medverkande årsaker til at utgiftene har gått ned.

SJUKEFRÅVÆR

For den samla tenesta hadde vi eit sjukefråvær på 9,72 %. Nokre tilsette er sjukemeldt grunna kroniske sjukdomar. Det er etablert samarbeid med NAV arbeidslivssenter og det vert samarbeidd tett med tilsette og tillitsvalde.

ÅRSVERK	TILSETTE*		
42,24	50		
NETTO RESULTAT**	2018	2019	2020
Rekneskap	16,0	14,6	13,5
Budsjett	17,3	15,1	15,4
Avvik	1,3	0,5	1,9
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	8,38	12,97	9,72

* interkommunalt ** tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ sikre medverknad frå familie og nært nettverk gjennom å tilby nettverksmøte og familieråd til familiene
- ▶ arbeide for å skape eit godt og trygt arbeidsmiljø ved hjelp av tett samarbeid med tillitsvalde
- ▶ styrke kompetansen i tenesta med fagdagar, rettleiring i grupper og individuelt, og ved deltaking på ulike kurs
- ▶ implementere Svar Inn og ta i bruk Nasjonal Meldingsportalen for bekymringsmelding
- ▶ ta del i tverrfaglege samarbeidsforum i kommunane



Haddal skule

LEIAR: VIBEKE VIGESTAD BERGE

Haddal skule er nærskulen til barn i 1.–7. klasse i Eiksund, Haddal og Garnes og gir grunnskuleopplæring i tråd med opplæringslova. I 2020 hadde skulen 62 elevar.

«Haddal skule har trygge elevar som meistrer og lærer. Vi tek ansvar, viser respekt og har omsorg for kvarandre». Dette er skulen sin visjon og ligg i botnen for læringsaktivitetar, utviklingsarbeid, heim-skule-samarbeid og SFO. Elevane sitt læringsmiljø er fokuset vårt og vi jobbar målretta og systematisk for å skape betre trivsel for betre læring. Vi har miljørettleiar i 50 % stilling.

Resultata frå elevundersøkinga der alle på mellomsteget svarar på spørsmål om læring og trivsel, viser at vi framleis bør ha fokus på elevane sitt læringsmiljø og peike ut aktuelle forbettingsområde. Blant anna har vi siste åra sett behov for vidareutvikling av rutinane våre for heim-skule-samarbeidet, og starta eit aktivt arbeid med dette hausten 2020.

Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking vart gjennomført hausten 2020 med nesten 90% deltaking. Vi gjennomførte også den

delen av lærarundersøkinga som handlar om heim-skule-samarbeid. Vi brukar resultata frå alle tre undersøkingane for å analysere samarbeidet vårt og vi brukar funna til å vidareutvikle og forbetre oss.

Skulen har framleis god kompetanse og godt trykk på bruken av teknologi som verktøy i undervisinga, trass i fleire nye tilsette som ikkje har delteke i vidareutdanninga i teknologi.

ØKONOMI

Etter fleire år med altfor knapt budsjett, har Haddal skule fått eit budsjett det går an å styre etter, og vi har klart å få eit lite overskot i 2020.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet ved Haddal skule i 2020 handlar i stor grad om langtidssjukdom som ikkje er arbeidsrelatert. I tillegg har vi hatt ein auke av korttidfråvær som følgje av restriksjonar for oppmøte ved symptom som kan vere koronarelatert.

ÅRSVERK	TILSETTE		
13,13	14		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	9,3	9,7	9,9
Budsjett	8,7	10,0	10,4
Avvik	-0,6	0,3	0,4
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	10,62	9,02	10,10

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ vi har fokus på tydeleg klasseleiing og relasjonsbygging som gir trygt skolemiljø, trivsel og læring
- ▶ vi nyttar teknologi som verktøy i undervisinga og gir grunnleggande kompetanse i programmering for å auke motivasjon, læring og kreativitet
- ▶ vi har gode rutinar for samarbeid heim-skule og legg til rette for open dialog til beste for eleven si utvikling og trivsel

ÅRSVERK	TILSETTE		
26,4	30		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	19,0	20,2	19,1
Budsjett	19,6	19,6	20,1
Avvik	0,6	-0,6	1,0
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	10,91	6,96	7,81

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ vi arbeider kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane
- ▶ vi gir elevane grunnleggande kompetanse i programmering, og legg til rette for kreativitet og skapartrong
- ▶ vi jobbar med Utdanningsdirektoratet sine modular i arbeidet med ny læreplan, Kunnskapsløftet 2020
- ▶ etterutdanning med temaet lesing i samarbeid med Høgskulen i Volda
- ▶ leiinga legg opp til medverknadsprosessar for tilsette og høgt fokus på involvering av tillitsvalde og verneombod



Hasund skule

LEIAR: MARIANNE ULSTEIN JOHNSTON

Hasund skule har 169 elevar og 30 tilsette. Det vert gitt SFO-tilbod til 45 born.

Vi jobbar for at alle elevar skal ha eit trygt og mobbefritt skolemiljø, skulen har gode rutinar for dette. Skulen har også hatt eit godt samarbeid med helsejukepleiar som støttar opp rundt dette arbeidet.

Lærarane har jobba systematisk med å bruke ulike digitale verktøy for å kunne gi elevane ei best mogleg opplæring og kompetanse. Samstundes har vi valt å halde fram med tradisjonell undervisning med papir og blyant, der det har størst læringsutbytte for den einskilde elev. Teknologiskulesatsinga har hatt sterkt fokus i skulen sitt arbeid, og viste seg å vere ein styrke ved heimeskule våren 2020 då det vart eit auka behov for å møtast på digitale flater.

Hasund skule ønskjer å vere ein utviklingsretta skule, og då har fagfornying og ny læreplan vore ein sjølvsagt del av utviklingsarbeidet. I 2020 vart det også sett i gong eit samarbeid med Høgskulen i Volda som ein del av desentralisert ordning for kompetanse-

utvikling i skulen. I dette samarbeidet har vi hatt lesing som grunnleggande dugleik som satsingsområde. Dette samarbeidet held fram også i 2021.

Nasjonale prøver viser svært gode resultat i engelsk og reking. I lesing er resultata omrent på landsnivå.

Elevundersøkinga viser at elevane har høg trivsel på skulen og at elevane meiner at lærarane har tru på elevane, men at vi må jobbe enda betre med mellom anna elevmedverknad og motivasjon for skulearbeid.

ØKONOMI

Skulen har hatt eit underforbruk. Ein del av dette skuldast ein feil i SFO-budsjettet som vart retta opp hausten 2020.

SJUKEFRÅVÆR

Stort sett langtidsfråvær, men vi har også hatt ein del koronarelatert fråvær i 2020. Vi vil jobbe vidare for å redusere fråvær som kan vere arbeidsrelatert.

ÅRSVERK	TILSETTE		
15,56	20		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	11,8	11,8	12,0
Budsjett	11,1	11,1	11,7
Avvik	-0,7	-0,7	-0,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	9,85	7,24	3,30

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø
- ▶ utviklingsarbeid om Fagfornying
- ▶ etterutdanning med tema lesing for alle lærarar i samarbeid med Høgskulen i Volda
- ▶ intensiv opplæring for elevar på 1.–4. trinn slik at dei oppnår forventa progresjon i lesing, skriving og rekning
- ▶ medverknadsprosessar for skulen sine tilsette og god involvering av tillitsvalde, gjennom Ulstein skule sine samarbeidsarenaer
- ▶ arbeid med å sikre god heiltids-kultur ved Ulstein skule



Ulstein skule

LEIAR: SYNNØVE HAUG

Ulstein skule har elevar frå krinsane Skeide, Ulstein og Flø. Skulen har 81 elevar fordelt på 1.–7. trinn skuleåret 2020/2021. Skulen har tilbod om SFO, med eit samla barnetal på 23 barn.

Elev- og foreldreundersøkinga gjennomført hausten 2020, viser at Ulstein skule er ein god stad å vere og lære. Vi ser resultat av kontinuerleg arbeid med relasjonsbygging, godt læringstrykk og arbeid med klassemiljø. Skulen vil fortsette å arbeide målretta for at elevar skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø som bidreg til positiv læring og utvikling i tråd med opplæringslova.

Den nye læreplanen utfordrar skulen og gjer at vi må arbeide godt som organisasjon. Vi må utvikle oss slik at vi kan ruste elevane til å verte produktive vaksne i framtida, med alle dei nye utfordringane dei vil møte der. Sjølv om heimeskuleperioden i vår var utfordrande, var det med på å gi oss ein giv i rett retning. Vi var nøydde til å sjå

moglegheiter og alternativ. Dette har vi teke med oss i vidare arbeid med undervisning. Det er viktig for skulen at det som vert gjort er forskingsbasert. All aktivitet har som mål å betre læring i klasserommet.

ØKONOMI

Skulen har hatt god økonomisk drift i 2020, og kjem ut med eit lite overforbruk.

SJUKEFRÅVÆR

Skulen har eit lågt sjukefråvær grunna arbeid med arbeidsmiljø og god bemanning på dei lågaste trinna.



Ulsteinvik Barneskule

LEIAR: KAREN STRAND

Ulsteinvik Barneskule arbeider under visjonen «Saman om meistring og mangfold». Skulen hadde om lag 420 elevar og 70 tilsette skuleåret 2020/2021.

Skulefritidsordninga (SFO) er ein stor og viktig del av tilbodet til skulen. Leik, meistring og gode opplevingar skal også dette skuleåret prege SFO-tilbodet vårt.

Skulen oppnådde gode resultat på elevundersøkinga og på nasjonale prøver. Det er svært gledeleg at elevane rapporterer god trivsel og lite mobbing. Likevel vil skulen halde fokus på godt læringsmiljø vidare. Nasjonale prøver viser svært gode resultat i engelsk og rekning. I lesing er resultata litt under landsnivå.

Skulen har dette skuleåret ikkje hatt like høg aktivitet av felles arrangement som vanleg grunna restriksjonar rundt smittevern og korona. Likevel har vi prøvd gjennomføre aktivitetar som miljøveke og andre sosiale tiltak klassevis.

Skulen sine tilsette har dette skuleåret arbeidd med innføring av ny læreplan. I

tillegg har skulen delteke i kommunen si satsing på lesing som grunnleggande ferdighet, i regi av Høgskulen i Volda og Lesesenteret.

Arbeidet med utbygging av skulen held fram. Målet er å kunne ta bygget i bruk i løpet av hausten 2021. Dette vert eit stort løft for både elevar og tilsette ved skulen.

ØKONOMI

Skulen har stramme rammer, auke i oppgåver og stort behov for særleg tilrettelegging. Dette har ført til at skulen har eit meirforbruk på 1,6 millionar. Vi ser at det har vore ein auke av behov for større oppfølging og tilrettelegging for enkeltelevar enn tidlegare.

SJUKEFRÅVÆR

Ulsteinvik Barneskule har i 2020 eit sjukefråvær på 5,85 %. Skulen er piloteskule i heiltidskultursatsinga og har difor eit særleg fokus på arbeidsmiljø og organisering av eit inkluderande og deltagande arbeidsfellesskap.

ÅRSVERK	TILSETTE		
63,46	73		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	37,5	38,1	38,4
Budsjett	35,9	36,5	36,8
Avvik	-1,6	-1,6	-1,6
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	4,41	5,71	5,85

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø, relasjonskompetanse og effektiv handsaming av mobbesaker
- ▶ fokus på lesing som grunnleggjande ferdighet og innføring av ny læreplanar er hovudsatsingsområde
- ▶ vi har fokus på godt læringsutbytte og systematisk oppfølging av grunnleggjande dugleikar. Vi kartleggjer elevane sitt læringsutbytte og følgjer opp elevar med behov. Vi har mål om å verte sertifisert som dysleksevenleg skule
- ▶ leiinga legg opp til medverknadsprosessar for tilsette og god involvering av tillitsvalde



Ulstein ungdomsskule

LEIAR: TOR ARNE AASEN

Ulstein ungdomsskule ligg i sentrum av Ulsteinvik, har 362 elevar i alderen 13–16 år og 13 klasser. Ulstein ungdomsskule har stort fokus på fagfornyinga og teknologi. Vi deltek i MOT-programma «Robust ungdom» og «Skulen som samfunnsbyggjar».

Koronasituasjonen har påverka mykje av 2020. Etter nokre veker nedstenging frå 12.mars opna skulen igjen gradvis. Mesteparten av hausten var skulen på såkalla gul sone. Vi har likevel hatt god progresjon i innføringa av fagfornyinga i godt samspele mellom tilsette, elevar og leiing. Det er imponerande korleis elevar og tilsette har takla koronatiltaka – spesielt når dei kom til å vare så lenge.

Det var også rektorskifte under koronaen. Litt spesielt var det for Leon Romestrond og Tor Arne Aasen med nøkkeloverrekking 29.april for ein skule tom for elevar.

Eleven si sosiale og faglege læring står sterkt forankra i skulekvardagen. Vi startar kvar morgen med tilbod om gratis frukost til

alle elevar, og i lunsjen kan elevane kjøpe sunn mat (ikkje under koronasituasjonen). Skulen har i fleire år jobba systematisk med vurdering for læring, og kan vise til gode resultat på nasjonale prøver.

MOT-undersøkingar viser at elevane meiner at MOT-arbeidet er viktig, og at dei får gode verktøy dei kan bruke for å meistre kvardagen enda betre.

Teknologisatsinga gjennom fleire år har gitt skulen kompetente tilsette og mykje bra utstyr. Dette gjer at vi kan auke læringsbytte for elevane våre ytterlegare.

ØKONOMI

Eininga gjekk med eit lite overskot.

SJUKEFRÅVÆR

Skulen har relativt lågt sjukefråvær, men har hatt ein naturleg auke som følgje av restriksjonar for oppmøte ved symptom som kan vere koronarelatert.

ÅRSVERK	TILSETTE		
45,23	51		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	40,6	43,1	41,2
Budsjett	41,2	42,9	41,9
Avvik	0,6	-0,2	0,7
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	5,01	2,88	4,25

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ systematisk arbeid med fagfornyinga for å auke læringa til elevane
- ▶ førebuing av karakterfri halvårs-vurdering som fremjar av fagfornyinga
- ▶ vidareutvikling av profesjonelle tilsette med godt elev- og menneskesyn
- ▶ systematisk arbeid med MOT-programma «Robust ungdom» og «Skulen som samfunnsbyggjar»
- ▶ teknologi og IKT er godt integrert i skulekvardagen for elevar og tilsette
- ▶ alle elevar har 1:1 Chromebook
- ▶ deltaking i den kommunale satsinga Språkløyper

ÅRSVERK	TILSETTE		
13,42	18		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	8,6	8,7	8,1
Budsjett	8,7	8,9	8,9
Avvik	0,1	0,2	0,8
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	15,08	8,85	7,26

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ fokus på tydeleg gruppeleiing og relasjonsbygging som gir trygt læringsmiljø, trivsel og læring
- ▶ fokus på autoritativt perspektiv
- ▶ gode rutinar for samarbeid mellom barnehage og heim, og legg til rette for open dialog til beste for barnet si utvikling og trivsel
- ▶ vel fokusområde med utgangspunkt i resultat frå ståstadsanalyse, medarbeidarundersøking og brukarundersøking, og utformar standard og indikatorpunkt i tråd med dette
- ▶ tiltak knytt til kompetanseheving og organisasjonsutvikling



Sundgotmarka barnehage

LEIAR: NORA WINGSTERNES

I 2020 hadde Sundgotmarka barnehage 62 barn vårhalvåret og 56 barn hausthalvåret. Talet på tilsette var 19 tilsette vårhalvåret og 18 tilsette hausthalvåret.

Visjonen vår er: Vi gir barna vingar og røter.

Vi er ein lærande organisasjon som ser det enkelte mennesket. Barnehagen skal vere ein trygg og spennande stad å vere for barna, og ein triveleg og utviklende arbeidsstad for dei vaksne.

Fokusområde som vi har jobba særskilt med er: barnehagen sitt verdigrunnlag og barnehagen sitt innhald og formål. Kompetanseheving av personalet for å betre kvaliteten på tenestene våre. Intern satsing utifrå resultat frå Ståstad-analyse frå Udir.

Vi har gjennomført Udir si brukarundersøking i november. Svarprosent:70,2. Resultat: 4.2 total tilfredsheit. Landssnitt er 4.5. Det er dårlegast resultat på området inne- og utemiljø, og også informasjon.

10 faktor for personalet frå KS vart og gjennomført. Svarprosent: 75%.

Vi bruker resultata frå alle tre undersøkingane til å analysere samarbeidet vårt, og vi bruker funna til å vidareutvikle og forbetre oss.

Det har også vorte gjennomført to individuelle foreldresamtalar med alle føresette, pluss eit felles foreldremøte i haust. Foreldre-samtalane på vårparten vart gjennomført digitalt.

Då barnehagen stengde i mars jobba personalet med kompetanseheving, i tillegg til praktiske oppgåver i barnehagen.

ØKONOMI

God styring der mellom anna bemanningsnorm er sterkt førande, har gitt eit mindreforbruk i høve budsjett.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet er halvert i høve tal frå to år tilbake, - dette til trass for eit år med krevjande tiltak knytte til pandemien.

ÅRSVERK	TILSETTE		
8,26	15		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	7,0	7,3	6,7
Budsjett	6,8	6,8	6,7
Avvik	-0,2	-0,5	0,0
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	4,98	8,84	4,85

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ underviser av kulturfag i tråd med rammeplan for kulturskulen: «Mangfald og fordjuping»
- ▶ systematisk arbeid med vurdering for læring for å auke elevane si læring, utvikling og trivsel
- ▶ styrke samarbeidet mellom heim og skule
- ▶ det Profesjonelle læringsfellesskapet i kulturskulen skapar auka læring, utvikling og trivsel for dei tilsette
- ▶ rettleiing i kulturskuleutvikling gjennom Kulturskolerådet



Ulstein kulturskule

LEIAR: JULIANNE HAUGE

Ulstein kulturskule har 394 elevar fordelt på 522 elevplassar i musikk, kunst og dans. Vi sel dirigentteneste til tre skulekorps, eitt vaksenkorps og strykeorkester.

Målet for kulturskulen er at vi skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle born og unge som ønsker det. Vi jobbar samstundes med å utvikle oss til eit lokalt ressurssenter og ein samarbeidsaktør for andre avdelingar i kommunen og det frivillige kulturlivet.

Hausten 2020 avslutta vi eit prosjekt med Kulturskolerådet, der målet var å utvikle det profesjonelle læringsmiljøet for å auke kvaliteten i tenestene våre. Vi har fortsatt fokus på Vurdering for læring. Elevane våre skal oppleve at dei kan påverke si eiga læring, utvikling og trivsel. Dei skal forstå kva dei skal lære og kva vi forventar. Elevane våre skal få tilbakemeldingar som er nyttige for vidare utvikling, og få vite kva dei meistrar godt. Elevmedverknad og auka heim-skule-samarbeid er satsingsområde dette skuleåret.

Gjennom koronapandemien og stenging av samfunnet, var kulturskulen synleg og utvikla nye metodar for undervisning ved hjelp av digitale verktøy. Vi endra målet for denne perioden: Alle elevane våre skal få eit kulturskuletilbod som kan auke livsgleda i denne vanskelege tida, gjennom å halde på med hobbyen sin. Noko av den positive effekten av dette var at vi, i motsetnad til landsgjennomsnittet, har klart å halde oppe elevtalet i kulturskulen.

ØKONOMI

Budsjettet er i balanse etter fleire år med overforbruk, årsak til dette er auka inntekter og naturleg reduksjon av årsverk.

SJUKEFRÅVÆR

Bakgrunnen for tala dette året ligg i langtidsfråvær og koronasituasjonen.



Inkludering og mangfald

LEIAR: LARS ERLING BJÅSTAD HOVLID

Inkludering og mangfald (IMU) rommar flyktningstenesta og kompetansesenteret, med kommunelogoped, norskopplæring og spesialpedagogikk for vaksne. Eit viktig mål for eininga er å gi kompetanse for arbeids- og kvardagsliv. I 2020 har hovufokus vore å yte så gode tenester som mogleg, trass krevjande korona-utfordringar.

Om lag 80 elevar har gjennom året fått opplæring i norsk og samfunnsfag, og om lag 20 elevar har fått spesialpedagogisk opplæring. Snoezelen er ein del av dette. Ein stor del har avgrensa digital kompetanse. Dette var ei utfording då tenesta vart stengt ned og vi måtte gå over til digital opplæring. Tilsette har strekt seg langt og vore kreative for å finne gode og tilpassa løysingar.

Flyktningstenesta har jobba for å sikre at alle får oppdatert, god og forståeleg informasjon om pandemien.

I 2020 vart det busett åtte flyktningar. Talet vart betydeleg redusert som følgje av

innreiserestriksjonar. Vi har jobba aktivt for å styrke resultata frå introduksjonsprogrammet, og samarbeidd med ulike aktørar. Eit viktig samarbeidsprosjekt har vore tilrettelagte kvalifiseringsløp mot fagbrev. Mindre enn fem personar avslutta introduksjonsprogrammet i 2020, og det vert difor ikkje laga statistikk for overgang til arbeid og skule.

ØKONOMI

IMU gjekk i med eit overskot på 3,8 mill samanlikna med budsjett. Årsaka til dette er både at stillingar har fått stå vakante ved sjukmeldingar og at talet på tilsette er redusert som følgje av busetting av færre flyktningar. I tillegg er det eit positivt avvik på tilskot frå staten og på kostnader til introduksjonsstønad.

SJUKEFRÅVÆR

IMU er ei lita eining, og relativt få langtids-sjukeldingar gjev dermed store utslag på sjukefråveret.

ÅRSVERK	TILSETTE		
13,55	19		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	-11,8	-7,0	-4,2
Budsjett	-9,0	-4,7	-0,4
Avvik	2,8	2,3	3,8
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	10,82	4,08	8,74

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ styrke introduksjonsprogrammet gjennom kvalifiserande tiltak som sikrar at fleire går over til arbeid eller vidaregående utdanning etter introduksjonsprogrammet
- ▶ jobbe for styrka brukarmedverknad og individuell tilpassing av tenestene
- ▶ betre samhandling og tverrfagleg samarbeid med kommunale tenester og andre instansar
- ▶ motarbeide utanforskapspraktisering og bidra til aktiv deltaking i lokalsamfunnet



Kulturavdelinga

LEIAR: LEIF RINGSTAD

Ulstein bibliotek hadde i 2020 nedgang i utlåns- og besøkstala. Utlånet av barnebøker heldt seg bra, samstundes som utlån av e-bøker har gått kraftig opp. Sommarles var svært populær denne sommaren.

Ulsteinbadet starta og avslutta året med godt besøk, oktober og november det beste nokon gong. Frå mars til august var derimot badet stengt. Dei tilsette ved Ulsteinbadet var i denne perioden i stor grad omplassert til arbeid i helse- og omsorgstenestene.

Sjøborg kulturhus starta året med fleire godt besøkte arrangement. Så vart det stilt i eit halvt år, før aktiviteten tok seg opp igjen på hausten. I desember var det fleire konserter og også julegudsteneste.

Sjøborg kino starta med rekordhøge besøkstal, men vart så stengt frå mars til juni. Resten av året vart prega av låge besøkstal. Resultatet vart 46 % nedgang i besøket frå 2019, medan utgiftene i stor grad var dei same.

Ung Arena-prosjektet rettar seg mot all ungdom i alderen 13-18 år. Tiltaka er open hall, debattarena for ungdom, leksetilbod

og BUA utlånnssentral, med målsetting om å styrke dei unge si oppleving av meistring, bygge fellesskap og førebygge utanforskap.

Bell Ungdomsklubb hadde i starten av året ope to kveldar pr. vike, MOT-klubb. Frå mars til juni hadde vi ikkje fysisk ope, men starta med Snapchat-konto og Discord-server. I løpet av hausten arrangerte vi 33 klassefestar.

Frivilligsentralen tilpassa aktivitetane til dei nasjonale retningslinjene. Mellom anna organiserte dei tilbodet «handlevenn», der folk kunne sende handleliste til frivilligsentralen

ØKONOMI

Kulturavdeling har i eit normalår budsjetterte inntekter på om lag 17 mill kr. For 2020 viser rekneskapen på dei største områda ein inntektssvikt på vel 3 mill kr. Størst inntektstap har Sjøborg kino og Ulsteinbadet.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet var i 2020 noko høgre enn året før, men er likevel på eit «akseptabelt nivå».

ÅRSVERK	TILSETTE		
15	22		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	26,3	28,5	28,1
Budsjett	23,6	26,0	26,6
Avvik	-2,7	-2,5	-1,5
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	7,21	2,69	5,35

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ kulturavdelinga skal, så langt dei økonomiske og personalmessige rammene strekk til, vere ein kreativ og aktiv medspelar og tilretteleggar for frivillig sektor
- ▶ kulturavdelinga sine einingar Ulsteinbadet, Sjøborg kulturhus og Sjøborg kino, har eit særskilt fokus på attraktivitet, sal/marknadsføring og økonomisk inntening i drifta
- ▶ kulturavdelinga arbeider for at innbyggjarane i kommunen utviklar godt samhald, stolt identitet og opplever trivsel og bulyst i kvardagene
- ▶ det overordna perspektivet for avdelinga er at Ulstein skal vere ein god stad å vekse opp og ein
- ▶ god stad å leve heile livet

ÅRSVERK	TILSETTE		
7,8	8		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	3,4	3,2	2,3
Budsjett	3,3	3,7	2,7
Avvik	0,1	0,5	0,5
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	2,69	3,23	0,98

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ vere pådrivarar for fornying og forbetring gjennom digitalisering, og legge til rette for ein kultur prega av innovasjon, nytenking, prøving og feiling
- ▶ ha oppdaterte rutinar og framdriftsplanar som sikrar at vi held fokus på tiltaka gjennom heile året, og at avdelinga har gode planprosessar som sikrar medverknad og berekraftig utvikling
- ▶ ha nødvendige faglege og digitale kunnskapar, ferdigheter og verktøy blant medarbeidarane
- ▶ ha tenester og arbeidsprosessar som tek utgangspunkt i behova til brukarane



Plan- og bygningsavdelinga

LEIAR: ANITA SUNDNES

Innanfor plan har det vore gjennomført parallelloppdrag for utviklinga av Ulsteinvik sentrum - Ulshaugen- Holsekerdalen der to tverrfaglege arkitektfirma arbeidde fram kvar sin rapport der dei teikna framtidsbilde av Ulsteinvik og greia ut korleis kommunen kan jobbe for å realisere visjonane. Det vart utarbeidd ein sluttrapport som skal leggast til grunn for områdeplan for sentrum. Elles har ein reguleringsplan blitt vedteken og det er halde seks oppstartsmøte i løpet av året.

Alle gjeldande reguleringsplanar for Ulstein er no fulldigitaliserte, dette gjer det enklare å køyre analyser og levere ut automatisert informasjon om planstatus for eigedomar.

Kommunane på Søre Sunnmøre har samarbeidd om eit felles E-torg for sal av kartdata, nabovarsel, eigedomsinformasjon m.m. som gir 24/7 døgnopen butikk for våre brukarar. Vi fekk også på plass tenesta MinEigedom, ei løysing til innbyggjarane der alle med heimel til ein

eigedom kostnadsfritt kan logge seg på via BankID. Løysinga gir oversikt over adresser, matrikkeldata, eigedomsgjebør og faktura, eigedomsskatt, kart m.m. Innbyggjarane kan også sende meldingar inn til kommunen via tenesta.

Det har vore eit jamt tilslig på byggesaker, og 98 bueiningar fekk bruksløyve/ferdigattest (mot 31 året før). Det har vore ein nedgang på frådeling av nye eigedomar.

Avdelinga har også ansvar for eigedomsskatt.

ØKONOMI

Vi klarte ikkje heilt budsjettmål for inntekter på byggesak og oppmåling, men oppnådde eit mindre positivt avvik grunna vakanse på oppmåling første kvartal.

SJUKEFRÅVÆR

Avdelinga kan vise til eit særslig lågt sjukefråvær, godt under målet.

ÅRSVERK	TILSETTE		
	9,5		
	10		
NETTO RESULTAT*	2018	2019	2020
Rekneskap	14,8	16,0	5,9
Budsjett	14,1	14,6	5,6
Avvik	-0,7	-1,4	-0,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	3,78	11,17	4,76

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ legg opp drifta slik at vedtekne rammer samsvarar med utgiftene
- ▶ gjennomfører investeringsprosjekta innanfor vedteke budsjett og på ein fagleg god måte
- ▶ set av ressursar til å jobbe med planar og utviklingsprosjekt



Anleggs- og driftsavdelinga

LEIAR: ODD KÅRE WIIK

Vatn: Det er totalt levert 1 431 837 m³ reinsa vatn frå fire reinseanlegg. Det er ikkje avvik i vassforsyninga. Drift og utbygging er i samsvar med godkjent hovudplan med investering på 11 millionar kroner. Prosjekta er nye vassleidningar gjennom rundkøyringa i Brattørakrysset (ved Amfi), ny vassleidning i del av Bjørndalvegen, og vassleidning på Ulstein, 300 meter langs Fløvegen ved Skokkeelva.

Det er gjort ein del arbeid med revidering av hovudplan for vassforsyning. Denne skal opp i kommunestyret i løpet av 2021.

Avlop: Redusert utbygging i høve hovudplan. Mindre nyanlegg i Osbergvegen og på Skeide som del av feltutbygginga.

Hamn: Ansvarsområdet omfattar alle kommunale kaier og brygger i sentrum – Sjøsida (front)/Fiskerkaien/Gjestebrygge/Geileneset, kai Eiksund, Hatløya og Borgarøya inkl. flytebrygge.

Det er utført vanleg tilsyn og nødvendig vedlikehald. Ikkje nye objekt i 2020.

Grøntanlegg: God drift og vedlikehald av kommunale grøntanlegg i eigen regi og med innleidd sommarhjelp. Arbeid for UEKF og kyrkjeaten med deira grøntanlegg (refusjon).

Veg: Normal drift av kommunale vegar. Litt «koronamidlar» til fast dekke, men generelt ikkje budsjett til asfalt, med dei openberre konsekvensar det gjev. Bygd ny turveg til Hasundhornet i kommunal regi (tilskot/sponsormidlar).

Maskin/utstyr: Kjøp av ny hjullastar.

Personale: Stabil, dyktig og røynd bemanning. Arbeidsleiar på uteseksjonen pensjonert, og ny leiar tilsett. På kontoret er det framleis vakant 50 % stilling på avlop.

ØKONOMI

Akseptabel overskridning 300 000,-

SJUKEFRÅVÆR

Generelt lite fråvær på avdelinga, men ei langtidssjukemelding på uteseksjonen.



Hareid og Ulstein brannvesen

LEIAR: OLAV HELT BRUBAKK

Førebyggande avdeling gjennomførte ni tilsyn i 2020. Dette mykje pga. korona-pandemien som har redusert tilsynsaktiviteten til eit minimum. Det er i staden gjennomført kontakt via telefon med 53 av dei særskilte brannobjekta.

Feiarane har gjennomført 1845 feiringar og 520 tilsyn fordelt slik: Hareid – fem feiringar og 135 tilsyn. Ulstein – 233 feiringar og 16 tilsyn. Herøy 1181 feiringar og eitt tilsyn. Vanylven 426 feiringar og 369 tilsyn. Det har også vore utført sjekk etter sotbrann, fresingar av beksot, reingjering av eldstadar, plombering av eldstadar, kontroll av nye eldstadar med meir.

I beredskapsavdelinga har vi hatt 152 registrerte hendingar, 52 i Hareid og 100 i Ulstein.

Av desse var 69 reelle. Sju bygningsbrannar, 15 branntilløp, 15 trafikkkulukker, og 11 andre brannar.

ØKONOMI

Vi har fått eit godt resultat i 2020. Dette av di vi har vakanse på stilling. I tillegg har kursing ikkje vore gjennomført då Norges Brannskole har endra læreplanane og ingen lokale kurs har vore halde.

SJUKEFRÅVÆR

Har hatt langtidsfråvær og sjukefråvær i 2020. Avdelinga er lita og langtidsfråvær får store utslag.

ÅRSVERK	TILSETTE*		
	6,14		
	41		
NETTO RESULTAT**	2018	2019	2020
Rekneskap	8,1	8,0	7,2
Budsjett	8,2	8,5	8,0
Avvik	0,1	0,5	0,9
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	8,20	7,59	3,75

* interkommunalt ** tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ vere bemanna, utstyrt og opplærd til å kunne takle dei utfordringane vi vert ståande overfor og som det er forventa at vi skal kunne handtere, jf. gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og vedtak
- ▶ det førebyggande arbeidet har fokus på tilsyn med særskilte brannobjekt, informasjonstiltak og arbeid blant utsette grupper (eldre pleietrengande, personar med nedsett funksjonsevne, personar knytt til rus, og asylsøkjarar og flyktingar)
- ▶ beredskap skal fokusere på rask uttrykking frå stasjonane og kompetanse i alle ledd



Før koronaen slo til: Godt oppmøte på psykologtime på biblioteket med
kommunepsykolog Tomas Brandal Myklebust, januar 2020.

Foto: Svein Arne Orvik

Folkehelseprofilen 2021 →


Faksimile frå rapport utarbeidd av Folkehelseinstituttet

Folkehelsebarometer for kommunen

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og talkolonnane er det teke omsyn til at befolkninga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønnssamsetnad enn landet. Klikk på indikatornamna nedanfor for å sjå utvikling over tid i kommunen. I Kommunehelsa statistikkbank, <http://khs.fhi.no>, finst det fleire indikatorar og utfyllande informasjon om kvar enkelt indikator.

Ver merksam på at også «grøne» verdiar kan innebere ei viktig folkehelseutfordring for kommunen, for landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå. Verdiområdet for dei ti beste kommunane i landet kan vere eit nivå å strekke seg etter.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårligare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikke testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- | Verdien for landet
- Variasjonen mellom kommunane i fylket
- Dei ti beste kommunane i landet



Forklaring (tal viser til linjenummer i tabellen ovenfor):

* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert, k = kjønnsstandardisert og ** = tal frå Ungdataundersøkinga mangler, les meir om [møglege årsaker](#).

1. Utrekning basert på middels vekt i fruktbarheit, levealder og netto innflytting. 2. 2020, i prosent av befolkninga. 3. 2019, høgaste fullførte utdanning (av alle med oppgitt utdanning). 4. 2016-2018, alle aldre, personar som bur i hushald som i ein periode over tre år har ein gjennomsnittleg inntekt lågare enn 60 % av nasjonal median. 5. 2018, forholdet mellom inntekta til den personen som ligg på 90-prosentilen og den som ligg på 10-prosentilen. 6. 2017-2019, 0-17 år, av alle born det vert betalt barnetrygd for. 7. 2019, omfattar mottakarar av uføretrygd, arbeidsavklaringspengar, arbeidsløysetrygd, overgangsstønad for einslege forsøgarar og tiltaksmottakarar (individstønad). 8. 2019. 9. 2019, å bu tront er definert ut frå areal og antal rom i bustaden. 10. 2019, andelen er presentert i prosent av personar i privatbushald. 11./12. Skuleåra 2017/2018-2019/2020. 13. 2017-2019, omfattar elevar busett i kommunen. 14. 2019, definert som tilfredsstillande resultat for E. coli og stabil levering av drikkevatn. Omfattar vassverk som forsyner minst 50 personar. 15. 2019, andel av befolkninga som er knytt til vassverk som forsyner minst 50 personar. 16. 2019, mikrogram per kubikkmeter finkorna svevestøv (PM2,5) som befolkninga i kommunen er utsett for. 17. U.skole, svært eller litt fornøgd. 18. U.skole, opplever at nærområdet er trygt på kveldstid. 19. U.skole, svarer «ja, eg er med nå». 20. U.skole, ganske mykje eller veldig mykje plaga. 21. 2018-2019, oppgitr at ein kan svømme 200 meter ved nettbasert sesjon 1. 22. U.skole, fysisk aktiv (sveitt og andpusten) mindre enn éin gong i veka. 23. 2018-2019, oppgitr ved nettbasert sesjon 1. 24. U.skole, dagleg utanom skulen. 25./26. 2005-2019, berekninga er basert på aldersspesifikk dødelegerheit. 27. 2004-2018, vurdert etter forskjellen i forventa levealder ved 30 år, mellom dei som har grunnskule som høgaste utd. og dei som har vidaregående eller høgare utd. 28. U.skole, svært eller litt fornøgd. 29. 2017-2019, 0-74 år, brukarar av primærhelsetenestene fastlege og legevakt. 30. 2017-2019, 0-74 år, muskel- og skjelettplager og -sjukdommar (utanom brot og skader) blant brukarar av primærhelsetenestene fastlege og legevakt. 31. 2016-2019, KM som svarar til over 25 kg/m2, basert på sjølvrappert høgde og vekt frå nettbasert sesjon 1. 32. 2017-2019, 0-74 år, brukarar av primærhelsetenestene fastlege og legevakt. 33. 2010-2019. 34. 2015-2019. Datakjelder: Statistisk sentralbyrå, NAV, Ungdata-undersøkinga frå Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet, Integrerings- og mangfalddirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Vernepliktiverket, Vassverksregisteret, Primærhelsetenestene fastlege og legevakt (KUHR-databasen i Helsedirektoratet), Kreftregisteret, Meteorologisk institutt, og Nasjonalt vaksinasjonsregister SYSAK. For meir informasjon, sjå <http://khs.fhi.no>.



ULSTEIN KOMMUNE

6065 Ulsteinvik

Tlf. 70 01 75 00

www.ulstein.kommune.no



facebook.com/ulsteinkommune



instagram.com/ulsteinkommune